



ÅL KOMMUNE

Kulturkommunen


# Årsmelding 2020



*Elvelangs*  
*Fotograf: Kristine Kapperud*




ÅL KOMMUNE



ÅL KOMMUNE

## Innhald

|  |    |
|--|----|
| Organisasjon og leiing .....             | 4  |
| Ordføraren har ordet.....                | 4  |
| Rådmannen har ordet .....                | 8  |
| Administrativ leiing.....                | 9  |
| Økonomi.....                             | 9  |
| Resultat og avvik.....                   | 9  |
| Utvikling av inntekter og utgifter ..... | 11 |
| Eigenkapital og gjeld.....               | 16 |
| Fond.....                                | 16 |
| Gjeld .....                              | 17 |
| Organisasjon og medarbeidrarar.....      | 21 |
| Servicetenester.....                     | 26 |
| Oppvekst.....                            | 28 |
| Helse og omsorg .....                    | 34 |
| Drift og utvikling .....                 | 39 |
| Kulturkommunen 2020 .....                | 42 |
| Lokalsamfunn .....                       | 47 |
| Folkehelse.....                          | 47 |
| Næringsutvikling.....                    | 51 |
| Folketal og bulyst .....                 | 52 |
| Hallingdal barnevernteneste .....        | 53 |
| Vedlegg: KOSTRA tal 2020.....            | 55 |



ÅL KOMMUNE

## Organisasjon og leiing

### Ordføraren har ordet



Året 2020 skriv seg inn i historia på ein heilt spesiell måte. Utfordringane kommunen og dalen stod i sidan midten av mars, har krevd mykje av både unge, vaksne og eldre.

Kriseleiinga i kommunen har på ein heilt eineståande måte fått erfare kvaliteten som finst i Ål kommune som organisasjon. Sidan 12.mars har me vore både overraska, takksame, rørt og imponert over den innsatsen, kreativiteten og utholdenhet alle tilsette har lagt ned til det beste for alt og alle de har tatt ansvar for! Det kostar å stå i slike tøffe utfordringar månad etter månad. Det krev eit enormt tålmod, forståing og rausheit med både innbyggjarar, hyttefolk, brukarar, barn og elevar, når alle må ta ansvar for smittevern på alle nivå i kommunen.

Me er så utruleg takksame for at alle tilsette har tatt ansvar og vore med i kampen for å halde saman og halde ut!

Eg vil nytte høvet til å takke kommuneoverlege Geir Strømmen og rådmann Karsten for klokskap og ro i krevjande tider. Det har betydd mykje for mange, også for meg. Vår lokalpresse fortener også ein takk for å vera lett tilgjengeleg. Både lokalavis og lokalradio har vore viktige samarbeidspartnarar for å nå raskt ut til lesarar og lyttarar.

Koronaåret 2020 har kjennest som eit maraton, og denne kampen har vore tøff for mange. Næringslivet har verkeleg fått kjenne på diametralt motsette opplevingar i 2020. Mange bedrifter melder heldigvis om enorm etterspurnad, om «all time high», fordi folk prioriterer annleis. I 2020 har det blitt slik at folk bruker større deler av inntekt og fritid på restaurering, oppussing, dekorering, hage, inneliv og hytteliv.

Ål har svært mange som gler oss andre med konserter, festivalar, diverse kunstuttrykk og musikk. Landet, kulturarrangement, festivalar og kinosalar har vore redusert til eit minimum heilt sidan midten av mars, og verken Ål og Hallingdal har vore lik seg sjølv. Det har vore krevjande. Reiselivet har også hatt store svingingar i besøkstala, og kjenner framleis på utfordringar med tanke på våren som ventar i 2021.

Mange har vore altfor mykje åleine, mange har vore nedtrykte, frustrerte og lei. Alle har venta på betre tider. Slik sett har denne koronaen, som vart kåra til årets nyord i 2020, også samla oss. Me står i ein kamp mot ein felles fiende. For me aksepterer at me må legge eige ego til side. Me må gjera som nasjonale styresmakter seier. Me må tåle dagar i karantene, nase- og halsprøver, spriting og vask av hender og ein meters avstand. Både klemming og hosting er blitt tabu.



## ÅL KOMMUNE

Når alt kjem til alt er vel dette noko av det beste med oss menneske. At når det verkeleg trengst, klarer me å flytte egoet litt til sides og setja fellesskapet framfor oss sjølve. Det er fantastisk at det er slik. Eg håpar 2021 vil gje oss den premien me alle drøymer om: Meir normale dagar, gode håndtrykk og klemmar når det kjennest naturleg, fleire møteplassar for folk i alle aldrar og mange gode oppturar for folk over heile verda. Trass alt lever me på den grøne grein, og det er i seg sjølv verdt å takke for.

Men oppturar og framdrift pregar definitivt også Ål-samfunnet. Det er enormt mykje å vera takksam for:

Elvelangs i Ål

Sprang - Landsdelsscenen for dans

Nysatsing ved Ålingen kjøpesenter

Elbil-ladepunkt-satsing

Bedrifter i vekst og utvikling

Aktive velforeiningar på Torpo og Sundre

Møteplassar som Kårstugu, Nigardsstugu, Ål kulturhus, Frivilligsentralen, HallUng, Tid kafé og landhandel

Kontorfellesskapa på Torget 3/ Tanken/ Torpomoen

Innovasjonskulturen i Hallingdal

Avløpsledning til Nordbygdene

Utvikling av næringsareal fleire stader i kommunen

Veteranplan

Sykkelskit Lya – Votndalsåsen

Felles forliksråd

Liatoppen

Ål stigbyggjarlag

Sikteskive på Dyna

Babyskinn blir utdelt til alle nyfødde ålingar

Skravlekopper i kafeane på Sundre

Bjørneboe-seminar på kunstnartunet

Saltstein tilpassa CWD-problematikken i Nordfjella

Ung Invest på Gol er etablert som ei fast ordning

Reiselivsfagskule på Geilo

Satsing på DEFA

Sjukepleiarutdanning i 2022 – på Torpomoen?

Berekraftig reisemål i heile Hallingdal

Ål kommune har starta arbeidet med å bli Miljøfyrtårn (endeleg)

5 par har vigd seg hjå ordføraren i 2020

Korleis får me til alt dette? Det er i alle fall fem suksesskriterier:

- Fantastiske folk i alle leiarar som bidreg til trivsel, bulyst, inkludering og utvikling.
- Framoverlente frivillige i lag og organisasjonar som gjer ein formidabel innsats for andre.
- Gode leiarar og dedikerte tilsette i heile kommunen.
- Politikarar som samarbeider og har felles mål om det beste for Ål.
- Eit godt og nært samarbeid med hallingane elles i dalen.




## ÅL KOMMUNE


Takk til alle for konstruktive og triveleg møte, og for godt samarbeid! Eg vil rette ein spesiell varm takk til alle folkevalte som har vore medspelarar og støttande i den tøffe tida me er i. Det betyr mykje både for krieseleiinga i kommunen og for meg personleg.

**Solveig Vestenfor  
Ordførar**

## Politisk organisering



| Tal på saker i utval                       | 2020       | 2019       | 2018       | 2017       | 2016       | 2015       | 2014       | 2013       |
|--|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|
| Kommunestyre                               | 96         | 139        | 86         | 87         | 82         | 108        | 78         | 82         |
| Formannskap                                | 94         | 87         | 91         | 87         | 91         | 96         | 98         | 101        |
| Sektorutval for helse og omsorg            | 18         | 19         | 31         | 36         | 37         | 35         | 39         | 35         |
| Sektorutval for kultur og oppvekst         | 49         | 46         | 38         | 42         | 55         | 58         | 47         | 50         |
| Sektorutval for teknisk, næring og ressurs | 149        | 102        | 129        | 112        | 126        | 136        | 102        | 111        |
| Næringsstyret                              | 40         | 34         | 26         | 26         | 26         | 20         | 28         | 35         |
| Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | 7          | 4          | 6          | 3          | 5          | 3          | 4          | 7          |
| Eldreråd                                   | 13         | 19         | 19         | 13         | 14         | 19         | 11         | 20         |
| <b>Sum tal på saker</b>                    | <b>466</b> | <b>450</b> | <b>426</b> | <b>406</b> | <b>436</b> | <b>475</b> | <b>407</b> | <b>441</b> |



## ÅL KOMMUNE

| Kommunestyre                     |                                    |
|----------------------------------|------------------------------------|
| Solveig Vestenfor, Ap, ordførar  | Ole Egil Trinrud, Sp, varaordførar |
| Dagfinn Bøygard, Ap              | Anne Vetteren Grøthe, Sp           |
| Ingeborg Kaslegard Frydelund, Ap | Ola Terje Oleivsgard, Sp           |
| Tore Bøygard, Ap                 | Solveig Arnegard, Sp               |
| Lirizona Berisha, Ap             | Gro Torpe, Sp                      |
| Line-Marie Frantzen, Ap          | Ivar Brevik, Sp                    |
| Hedvig Johanne Rud, Ap           | Anders Lunden Herfoss, Sp          |
| Lene Prestegard, Ap              | Stein-Ove Thon, Sp                 |
| Jan Egil Grue, Ap                | Torleif T. Dalseide, V             |
| Jørund Li, H                     | Marit Sehl, SV                     |
| Iselin Haugo, H                  | Vilde Springgard, SV               |
| Knut Einar Haug, H               | Liv Torunn Torpe, FrP              |
| Tor Olav Tveito, H               |                                    |

| Formannskapet                      |                 |
|------------------------------------|-----------------|
| Solveig Vestenfor, ordførar, Ap    | Ivar Brevik, Sp |
| Tore Bøygard, Ap                   | Jørund Li, H    |
| Ole Egil Trinrud, varaordførar, Sp | Marit Sehl, SV  |
| Anne Vetteren Grøthe, Sp           |                 |


| Sektorutval for helse og omsorg |                       |
|---------------------------------|-----------------------|
| Lene Prestegard, Ap, leiar      | Stein-Ove Thon, Sp    |
| Olaf Buseth, Ap                 | Gudveig Fingarsen, H  |
| Line-Marie Frantzen, Ap         | Liv Torunn Torpe, FrP |
| Tore Arnegard, Sp, nestleiar    |                       |

| Sektorutval for kultur og oppvekst           |                               |
|--|-------------------------------|
| Ingeborg Kaslegard Frydenlund, Ap, nestleiar | Helga M. Hellene Anfinsen, Ap |
| Aslak Bøygard, Ap                            | Espen Karlsen, H              |
| Ola Terje Oleivsgard, Sp, leiar              | Sissel Urke, V                |
| Anders Lunden Herfoss, Sp                    |                               |

| Sektorutval for teknisk, næring og ressurs |                        |
|--|------------------------|
| Knut Einar Haug, H, leiar                  | Gro Torpe, Sp          |
| Hedvig Johanne Rud, Ap, nestleiar          | Nils Ove Svensgård, Sp |
| Dagfinn Bøygard, Ap                        | Vilde Springgard, SV   |
| Solveig L. Arnegard, Sp                    |                        |

| Næringsstyret                |                       |
|------------------------------|-----------------------|
| Solveig Vestenfor, Ap, leiar | Kristian Kvistad Holm |
| Anne Vetteren Grøthe, Sp     | Espen Jakobsen        |
| Morten Gjeldokk              |                       |

| Kontrollutval       |                        |
|---------------------|------------------------|
| Edvin Ræstad, leiar | Kjersti Elise H. Løyte |
| Borgny H. Anderson  | Kan Egil Grue          |
| Torleiv Dengerud    |                        |



ÅL KOMMUNE

## Rådmannen har ordet



I 2020 har vi levert dei tenester Ål kommunestyre har bedt oss om – innanfor dei økonomiske rammer som var sett.

KOSTRA-tall, folkehelsebarometer, kommunebarometer og – mest av alt – attendemeldingar frå innbyggjarane våre peikar alle i retning av at tenestene har vore tilfredsstilande og at dei har hatt god kvalitet. Så langt har 2020 likna på dei siste åra.

Det som er heilt spesielt for 2020 er at dei tilsette har klart å levere gode tenester samstundes som dei har handtert Covid-19 pandemien som på dei fleste vis har snudd opp ned på det vi er vane med.

Pandemien har ført til at vi måtte arbeide på nye måter. Innarbeidde rutiner og oppgåver har stadig blitt endra – ofte på svært kort varsel.

Den enkelte tilsette har vist stor fleksibilitet, fantasi og mot for å løyse dei stadig nye utfordringar dei har stått midt i.

Vaksineringa er i gang – og vi håpar at kvardagen blir tilnærma normal i løpet av 2021.

Økonomistyring i 2020 har vore krevjande. Store ekstrautgifter til TISK-arbeid (testing, isolering, smittesporing og karantene), innkjøp av smittevernsutstyr, inntektstap i kultursektoren og dekking av underskot på dei interkommunale sengane på Hallingdal Sjukestugu har ikkje blitt fullt ut kompensert frå staten. Vi har og måtte omdisponere ressursar innan den planlagde drifta.

Årsmeldinga viser at Ål kommune totalt sett har ein sunn økonomi.

Likevel må vi i åra som kjem redusere våre driftsutgifter så dei ikkje overstig våre inntekter– det har vi ikkje lykkast helt med.

Den demografiske utvikling viser at vi blir fleire gamle og færre barn og unge dei neste åra. Det krev at vi må endre våre tenester, og at vi samstundes fortsetter satsinga på «Bu- og Blilystarbeid».

Ål er en god plass å leve. Det har vi fått bekrefta under pandemien.

Vi har plass nok.

Og vi har plass til fleire!

Gjennom året har eg opplevd ein god og konstruktiv dialog med innbyggjarane, næringslivet, hytteålingane og det politiske miljøet. Det har vore heilt avgjerande for at vi har kome oss godt gjennom eit krevjande år.

**Eg er svært imponert over korleis våre tilsette har takla arbeidsdagane.**

**Eg er stolt over å få vere med på eit så godt arbeidslag.**

*Karsten Popp Dideriksen*

*Rådmann*



ÅL KOMMUNE

## Administrativ leiing

Rådmannen er den øvste administrative leiaren i kommunen. I rådmannen sitt leiarteam sit: økonomisjef, personalsjef, kultursjef, kommunalsjef oppvekst, kommunalsjef helse og sosial, kommunalsjef drift og utvikling.

Rådmannsteam skal sikre ei heilskapleg og balansert drift av kommunen. Kvar av sektorleiarane har ansvar for sin sektor og er nærmeste leiari for avdelingsleiarane.

Økonomisjefen og personalsjefen har eit gjennomgåande ansvar innanfor sine område i heile organisasjonen. Kommunalsjef for drift og utvikling fungerer som rådmannen sin vara.

| Rådmannsteam                    | Namn                |
|---------------------------------|---------------------|
| Rådmann                         | Karsten Dideriksen  |
| Kommunalsjef oppvekst           | Vegar Hoel          |
| Kommunalsjef helse og sosial    | Borghild Ulshagen   |
| HR-sjef                         | Berit Albrecht      |
| Økonomisjef                     | Erika Maria Braaten |
| Kultursjef                      | Hilde L. Bjørnsvik  |
| Kommunalsjef drift og utvikling | Reidun Aaker        |

## Økonomi

### Resultat og avvik

Ål kommune fekk i 2020 et meirforbruk på kr. 173 172. Meirforbruket ble saldert ved bruk av disposisjonsfond og rekneskapen for 2020 ble gjort opp i balanse. Dette er i tråd med den nye kommunelova.

Det var budsjettet bruk av disposisjonsfond på kr. 11,2 mill., men rekneskapet visar at det var berre naudsyn å bruke kr. 1,8 mill.

Overføringsleidning i Votndalen og kulturbygg er dei 2 største investeringar. Kraftinntektene har vore på veldig bra nivå i 2020, og kommunen brukar kraftutbytte for å betale renter og avdrag.

Det vart vedteke nye lån for anleggsmiddel i 2020 på kr. 12,8 mill. Betalte avdrag på gjelda utgjer kr. 19,8 mill. og kommunen vurderer kontinuerleg ekstraordinær nedbetaling på dei dyraste låna. Likviditeten er framleis tilstrekkeleg til dei laupande forpliktingane.

Langsiktig og bokført renteberande gjeld utgjer pr. 31.12.2020 kr. 433,2 mill. I tillegg kjem lån hjå Husbanken på 27,1 mill. kr. I 2020 betalte Ål kommune ekstraordinær avdrag til Husbanken på kr. 20 mill.



## ÅL KOMMUNE

Eigedomsskatteinntekter er på kr. 37,5 mill. kr. Finansutgiftene består i hovudsak avdrag på lån og renteutgifter. For 2020 utgjer desse kr. 27,1 mill. Dette er kr. 2,5 mill. meir enn for 2019.

### Driftsresultat for Ål kommune

Netto driftsresultat er eit mål på kva kommunen sit att med av dei årlege driftsinntektene etter at driftsutgifter og finansutgifter er betalt. Netto driftsresultat er difor sentralt i vurderinga av kommunen sin handlefridom og er ein primær indikator for økonomisk balanse.

**Ål kommune hadde eit negativt netto driftsresultat i 2020 på - kr. 0,250 mill.**

Det er ein vesentleg reduksjon og utgjer -0,04 % av samla driftsinntekter. Fylkesmannen tilrår at netto driftsresultat bør utgjere minimum 1,75 % av driftsinntektene, avhengig av nødvendige avsetningar og investeringar. Ein buffer er nødvendig for å kunne takle svingingar på både inntekts- og utgiftssida.


**Etter denne tilrådinga skulle Ål kommune ha eit netto driftsresultat på minst kr. 11,3 mill.**

**Kommunen har ei utvikling av frie inntektene som ikkje lenger er i tak med driftsutgifter. Dette påverkar handlefridom og gjer heilskapen i planlegginga framover krevjande.**

Brutto driftsresultat syner inntekter ein sit att med etter at alle driftsutgifter, også avskrivinger (verdijustering for elde og slitasje), er dekka.

| Resultatmål (tal i mill.kr)     | 2015  | 2016  | 2017  | 2018  | 2019  | 2020   |
|---------------------------------|-------|-------|-------|-------|-------|--------|
| <b>Brutto driftsresultat</b>    | -6,6  | 11,1  | -16,5 | -15,1 | -24,2 | -40,7  |
| <b>Netto driftsresultat</b>     | 4,6   | 18,8  | 6,8   | 22,3  | 17,1  | -0,2   |
| <b>Samla driftsinntekter</b>    | 529,1 | 571   | 587,7 | 605,1 | 619,7 | 641,8  |
| <b>Samla driftsutgifter</b>     | 535,6 | 559,9 | 604,3 | 620,2 | 643,8 | 682,5  |
| <b>Brutto resultatgrad (%)</b>  | -1,2  | 1,9   | -2,8  | -2,4  | -3,8  | -6,3 % |
| <b>Netto resultatgrad (%)</b>   | 0,8   | 3,3   | 1,2   | 3,7   | 2,8   | -0,04  |
| <b>Meir (-) / mindreforbruk</b> | 9,4   | 11,4  | 12    | 26,5  | 19,4  | 0,0    |

\*Resultatgrad måler resultat i prosent av samla driftsinntekter.





ÅL KOMMUNE

## Utvikling av inntekter og utgifter

Ordinære *skatteinntekter* (personskatt) og *rammetilskot* utgjer dei frie inntektene. Beløpet kjem som overføring frå staten og er utrekna på bakgrunn av skatteinntektene i kommunen og særskilde utgiftskriterier.


Skatteinngangen i 2020 utgjer kr. 145 mill. Budsjettet var på kr. 148,8. Det er kr. 3,8 mindre enn budsjettet.


Rammetilskotet utgjer kr. 163,5 mill. Budsjettet var på kr. 156,3. Det er kr. 7,3 mill. meir enn budsjettet. Netto samla inntekt frå skatt og rammetilskot er dermed kr. 3,5 mill. meir enn budsjettet. Netto auke frå 2019 til 2020 utgjer kr 10 mill.

Inntekter frå eigedomskatt utgjer kr. 37,5 mill. i 2020 og er i underkant av kr. 1,2 mill. høgare enn budsjettet.

|                                       | Regnskap 2020 | Reg. budsjett | Avvik      | Regnskap 2019 |
|---------------------------------------|---------------|---------------|------------|---------------|
| Bevilningsoversikt - drift (regnskap) |               |               |            |               |
| 1 Rammetilskudd                       | 163 534 277   | 156 246 000   | 7 288 277  | 152 534 269   |
| 2 Inntekts- og formueskatt            | 145 042 075   | 148 831 000   | -3 788 925 | 146 024 318   |
| 3 Eiendomsskatt                       | 37 522 798    | 36 350 000    | 1 172 798  | 35 909 219    |
| 4 Andre generelle driftsinntekter     | 16 705 524    | 15 427 100    | 1 278 424  | 18 367 705    |
| 5 Sum generelle driftsinntekter       | 362 804 674   | 356 854 100   | 5 950 574  | 352 835 511   |

Graffen under synar fordelinga av totale inntekter til Ål kommune.







ÅL KOMMUNE


## KRAFTRELATERTE INNTEKTER

- Naturressursskatt er ein skatt som påleggas dei enkelte kraftverk og bereknast på grunnlagt av produksjon (gjennomsnitt av dei siste 7 år) Naturressursskatten inngår i inntektssystemet.
- Eigedomsskatt på kraftanlegg utgjer kr 22,4 mill. av totale eigedomsskatteinntekter på kr. 37,5 mill.



- Konsesjonsavgift: konsesjonsavgifter er ein kompensasjon for påførte skader i distrikta kor utnytta vatnressursar ligg. Det er NVE som berekna ut mengde og fordeling. Ål kommune mottok kr. 7,8 mill. i konsesjonsavgift i 2020. Inntekta avsetta til næringsfondet.
- Utbytte frå Ål kraftverk: utbyttet for 2020 utgjer kr. 29,5 mill. I tillegg betalte Ål kraftverket renter og avdrag på kr. 371 683 for ansvarlige lån.





## ÅL KOMMUNE

### DRIFTSUTGIFTER

| Driftsutgifter                        | Regnskap 2020 | Bud /end.   | avvik       | Regnskap 2019 |
|---------------------------------------|---------------|-------------|-------------|---------------|
| 10 Lønnsutgifter                      | 326 134 780   | 326 083 000 | -51 780     | 320 924 843   |
| 11 Sosiale utgifter                   | 63 665 994    | 71 402 000  | 7 736 006   | 70 840 660    |
| 12 Kjøp av varer og tjenester         | 207 095 093   | 138 580 456 | -68 514 637 | 191 143 681   |
| 13 Overføringer og tilskudd til andre | 51 379 049    | 29 420 005  | -21 959 044 | 40 295 129    |
| 14 Avskrivninger                      | 34 268 675    | 33 230 000  | -1 038 675  | 33 879 099    |
| 15 Sum driftsutgifter                 | 682 543 593   | 598 715 461 | -83 828 131 | 657 083 411   |

Lønnsutgifter og sosiale utgifter står for 57% av driftsutgifter i 2020. Mindreforbruket skuldast lågare pensjonsutgifter og sjukepengerefusjonar.

Kjøp av varer og tenester: her inngår kjøp frå andre kommunar. Posten har ein inntektssida. Sektorar har kommenterar sine avvik.

Overføringer og tilskot til andre: avviket skuldast i hovudsak momskompensasjon på kr. 18,7. Momsen er ikkje budsjettert.

### UTVIKLING I BRUTTOUTGIFTER

Sjølv om budsjett og rekneskap har eit fokus på nettoramme og nettoforbruk, er det viktig at me også følgjer utviklinga på dei samla bruttoutgiftene og -inntektene. Medan netto ramme seier noko om budsjettområdet sin del av kommunen sine frie inntekter, seier brutto utgifter noko om det totale pengeforbruket og størrelsen på aktiviteten.

| Budsjettområde  | 2015  | 2016  | 2017  | 2018  | 2019  | 2020  |
|-----------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Admin/felles    | 92,7  | 92,8  | 98,1  | 104   | 103,4 | 106,7 |
| Oppvekst        | 137,3 | 144,5 | 147,9 | 152,1 | 159,3 | 156   |
| Helse og sosial | 150,5 | 160,3 | 176,6 | 203,1 | 209,9 | 222,2 |
| Kultur          | 15    | 15,5  | 17,9  | 16,5  | 16,5  | 15,2  |
| Teknisk         | 108,5 | 113,6 | 101,4 | 113,2 | 118,7 | 125,5 |

Tabellen syner utvikling i bruttoutgifter på dei ulike budsjettområda før avsetningar. Flytting og endring av budsjetteiningar og struktur gjer at direkte samanlikning frå år til år ikkje alltid er relevant. (Tal i mill. kr).

### AVVIK FRÅ BUDSJETTRAMMA OG RESSURSBRUK TIL TENESTEPRODUKSJON


Kommunen vedtek budsjettet på nettoramme, det vil seie eit kronebeløp som kan nyttast utover det budsjettområdet sjølv tek inn i inntekter. Årleg budsjettramme er avhengig av kva ein ventar av inntekter på avdelingsnivå (gebyr, brukarbetaling, refusjonar og tilskot) og på kommunenivå (skatt og rammetilskot). Tabellen syner regulert nettobudsjett opp mot faktisk nettoforbruk på dei største budsjettområda.



## ÅL KOMMUNE

Tal i 1000 kr


| Budsjettområde                   | Rekneskap | Netto budsjettramme | Avvik  | Kommentar     |
|----------------------------------|-----------|---------------------|--------|---------------|
| Administrasjon og fellestenester | 41 140    | 45 979              | 4 839  | Mindreforbruk |
| Oppvekst                         | 117 333   | 119 163             | 1 830  | Mindreforbruk |
| Helse og sosial                  | 148 052   | 138 985             | -9 067 | Meirforbruk   |
| Kultur                           | 11 180    | 12 025              | 845    | Mindreforbruk |
| Teknisk                          | 62 705    | 67 081              | 4 376  | Mindreforbruk |
| Finans (renter og avdrag)        | 27 073    | 31 140              | 4 067  | Mindreforbruk |



## Kommunale investeringar

Kommunen har hatt eit svært høgt investeringsnivå dei siste åra. I 2020 blei det investert kr. 37 mill. Beløpet er inkludert lån og forskotering.

Behovet for å finansiere investeringar og utbygging med låneopptak aukar i takt med investeringane. Dette inneber høgare finanskostnader (renter og avdrag). I 2020 vart det selt tomter og andre driftsmidlar til ein verdi av kr. 4,4 mill.





## ÅL KOMMUNE

Det er ein god del prosjekt som ikkje vart ferdig i 2020, og arbeidet må halde fram i 2021. Det er kr. 41,5 mill. som er ubrukt budsjetttramme på investering. Overføring av unytta investeringsmidlar ble vedteke av kommunestyre 18.3.2021 sak 17/21. Sjå tabellen under

|     |  | Regnskap   | Buds(end)  | Avvik(per.) | Overfør    |
|-----|--|------------|------------|-------------|------------|
|     |  | 2 020      | 2 020      | 0           |            |
| 5   | Vognsku Sundre barnehage                 | 130 392    | 250 000,00 | 119 609,00  | 119 000    |
| 6   | Ny brønn Torpo VV ved Hallingselva       | 0          | 2 000 000  | 2 000 000   | 2 000 000  |
| 13  | Næringsstomter Wangen Torpo              | 370 050    | 19 104 600 | 18 734 550  | 18 734 000 |
| 66  | Trafikksikring/Trafikk                   | 2 749 791  | 3 334 750  | 584 959     | 584 000    |
| 87  | IKT-utstyr oppvekst                      | 545 494    | 1 120 000  | 574 506     | 570 000    |
| 92  | Renovasjonspunkt                         | 249 789    | 626 000    | 376 211     | 376 000    |
| 95  | Velferdsteknologi                        |            | 805 000    | 805 000     | 805 000    |
| 96  | Bilar helse/sosial                       | 1 153 259  | 1 802 000  | 648 741     | 648 000    |
| 121 | Overføringsledning Votndalen             | 12 415 403 | 18 571 500 | 6 156 097   | 6 156 000  |
| 124 | Renovering av leilighetar Brattebakken   | 226 385    | 853 350    | 626 965     | 626 000    |
| 127 | Turveg Oppsjø                            | 0          | 1 670 000  | 1 670 000   | 530 000    |
| 130 | Tilrettelegging budstad ein brukar       | 0          | 3 500 000  | 3 500 000   | 3 500 000  |
| 133 | Sentrumsutvikling                        | 682 329    | 1 263 030  | 580 702     | 580 000    |
| 137 | Oppussing av Leveld skule og ventilasjon | 206 007    | 1 451 600  | 1 245 593   | 900 000    |
| 138 | Varmeutveksling Ål ungdomsskule          | 0          | 750 000    | 750 000     | 750 000    |
| 140 | Rehabilitering hovudledning Bekkefaret   | 0          | 3 000 000  | 3 000 000   | 3 000 000  |
| 171 | Asfaltering/vegvedlikehald               | 3 049 860  | 3 500 000  | 450 140     | 450 000    |
| 172 | Rehabilitering vatn/kloakk               | 126 535    | 1 032 380  | 905 845     | 905 000    |
| 176 | IKT Helse og sosial                      | 0          | 325 000    | 325 000     | 325 000    |
|     | TOTALT                                   | 21 905 294 | 64 959 210 | 43 053 918  | 41 558 000 |
|     | bruk av næringsfond                      | 10 000 000 |            |             |            |
|     | bruk av lånemidler                       | 31 558 000 |            |             |            |
|     |  | 41 558 000 |            |             |            |

006 - må vente til 2021

013 - detaljprosjektering pågår, prosjektet må lysast ut først, planlagt ferdig i 2021-22

121 - noko arbeid attstår

124 - arbeidet held fram i 2021

127 - utgifter kjem i 2021

130 - ikkje funne eigna bustad enno


137 - noko arbeid attstår

138 - avventar om betre styring av ventilasjon er godt nok

139 - meir omfattande arbeid var naudsnyt

140 - ikkje kapasitet til å starte prosjektet i 2020

176 - innkjøp utsatt til 2021





## ÅL KOMMUNE

### Eigenkapital og gjeld

#### Fond


Fondsmidlar er inndelt i fire grupper. Det er nokre vurderingar som må gjerast mellom nokre av gruppene, men det er meir marginalt i oversynet. Gruppene har nokre sær preg:


- **Bundne driftsfond** er øyremerkte midlar som berre kan nyttast til drift og dei føremåla dei er meint å dekke ved overføringa til kommunen. Når midlane er sett av til fond, så er det fordi dei ikkje er nytta til føremålet fullt ut i rekneskapsåret dei er mottekne. Midlane er ikkje til fri disposisjon for kommunestyret.
- **Bundne investeringsfond** er øyremerka til spesielle investeringsføremål. Kommunestyret kan ikkje omprioritere desse midlane.
- **Ubundne investeringsfond** kan berre nyttast til investeringar og ikkje til driftstiltak. Kommunen kan sjølv disponere midlane.
- **Disposisjonsfond** kan nyttast både til driftstiltak og til investeringstiltak. Kommunestyret bestemmer kva midlane skal nyttast til. Fylkesmannen rår kommunane til å byggje opp disposisjonsfond på 5 % av driftsinntektene. Dette gir kommunen moderat økonomisk handlefridom, medan eit disposisjonsfond på meir enn 8 % gir større grad av økonomisk handlingsrom. Ål kommune har styrka disposisjonsfondet dei siste to åra til anbefalt nivå.

Disposisjonsfondet vart ytterlegare styrka med kr 19,4 mill. kr i 2020, men det vart også brukt kr. 1,8 mill. gjennom politiske vedtak. Det er svært viktig for Ål kommune å byggje eit solid disposisjonsfond.

**Saldo på fondet pr. 31.12.2020 utgjer kr. 84,9 mill.**

|                          | 2 015      | 2 016      | 2 017      | 2 018      | 2 019      | 2 020      |
|--------------------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|
| Disposisjonsfond         | 2 979 669  | 37 901 328 | 43 046 536 | 53 510 430 | 66 975 333 | 84 927 756 |
| Budne driftsfond         | 35 340 764 | 41 943 197 | 45 964 115 | 46 061 186 | 52 376 519 | 53 277 757 |
| Ubundne investeringsfond | 1 411 457  | 1 411 457  | 11 457     | 11 457     | 11 457     | 11 457     |
| Bunde investeringsfond   | 25 660     | 8 925 660  | 10 225 660 | 10 225 660 | 10 225 660 | 25 660     |






## ÅL KOMMUNE

| 2019    | 2020    |   |
|---------|---------|---|
| 10,58 % | 13,23 % | disposisjonsfond i % av brutto inntekter                            |
| 13,72 % |         | disposisjonsfond inkl. årets overskot i % av brutto driftsinntekter |

## Gjeld

Ein kommune sin økonomiske handlefridom bør ikkje bedømmast berre ut frå nivået på lånegjelda. Netto driftsresultat og disposisjonsfond er også vesentleg når ein skal vurdere kommunen sitt økonomiske handlingsrom.

|  | 2 016       | 2 017       | 2 018       | 2 019       | 2 020       |
|--|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Kortsiktig gjeld                         | 73 710 276  | 85 830 724  | 80 727 597  | 93 542 988  | 85 114 874  |
| Langsiktige gjeld lån                    | 449 348 703 | 377 477 599 | 380 804 238 | 485 385 316 | 460 639 204 |
| Langsiktige gjeld: pensjonsforpliktelser | 616 875 736 | 651 861 858 | 676 032 784 | 721 051 197 | 682 583 898 |
| Egenkapital                              | 614 483 535 | 706 870 435 | 768 316 213 | 784 140 147 | 871 561 841 |



Kortsiktig gjeld er redusert frå 2019 til 2020. Det same gjeld pensjonsforplikting og langtidslån.

Nye låneopptak i 2020 utgjer kr. 12,8 mill. Lån til vidareformidling/startlån er på kr. 4 mill.

Kommunen betalte kr. 19,8 mill. i avdrag på drift og kr. 20 mill. i avdrag på Startlån i investering. Saldo på lån i balanse pr. 31.12.2020 utgjer kr. 460,4 mill. Dette utgjer ein reduksjon i gjelda frå 2019 til 2020 på kr. 24,7 mill.

Ubrukte lånemidlar pr. 31.12.2020 utgjer kr. 44,6 mill. kr og utlån 34,4 mill. kr. Justert netto lånegjeld er **kr. 381,3 mill.**



## ÅL KOMMUNE

KS definerer ei gjeldsbelastning på mellom 65 og 75 % av driftsinntektene som moderat gjeld. Ål kommune har ved utgangen av 2020 ei netto lånegjeld på 59,4 %.

Netto lånegjeld er definert som langsiktig lånegjeld eksklusiv pensjonsforpliktingar fråtrekt utlån og ubrukte lånemidlar.


| Balanse                                      | 2019        | 2020        |
|--|-------------|-------------|
| andre lån                                    | 485 123 084 | 460 376 972 |
| ubrukte lånemidler                           | 52 848 517  | 44 605 723  |
| utlån  | 35 666 052  | 34 455 817  |
| netto lånegjeld                              | 396 608 515 | 381 315 432 |
| netto lånegjeld i % av brutto driftinntekter | 64,0 %      | 59,4 %      |


|                  | 2015    | 2016    | 2017    | 2018    | 2019    | 2020    |
|------------------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Netto lånegjeld* | 230 465 | 375 109 | 312 298 | 319 684 | 396 608 | 381 315 |
| Pr. innbyggjar   | 48,9    | 79,5    | 67,5    | 68,4    | 84,8    | 82      |
| Banklån          | 283 492 | 449 086 | 377 215 | 380 542 | 485 123 | 460 376 |

Vår total låneporfølje inkluderer lånet i samband med utbygginga av helsebygget. Vestre Viken betalar husleige til Ål kommune, og inntektene vert brukt til å betene delar av lånet. Investeringar på sjølvkostområde inngår også i denne gjelda.

Ål kommune har 84 % av låneporføljen sin i Kommunalbanen, 6 % i KLP kommunekreditt og 6 % i Husbanken (dette er lån til vidareformidling).

| Bank               | beløp 2020  | andel | beløp 2019  |
|--------------------|-------------|-------|-------------|
| Kommunalbanken     | 404 818 680 | 88 %  | 409 149 100 |
| KLP Kommunekreditt | 28 421 500  | 6 %   | 30 844 500  |
| Husbanken          | 27 136 792  | 6 %   | 45 129 484  |
| Sum                | 460 376 972 | 100 % | 485 123 084 |





## ÅL KOMMUNE


Detaljert låneportefølje til Ål kommune pr. 31.12.2020

| Grupper         | Restgjeld etter termin | Gjeldende rente | Tid til utløp låneavtale | Kapitalbindning | Sluttdato | Produkt                       |
|-----------------|------------------------|-----------------|--------------------------|-----------------|-----------|-------------------------------|
| Total           | 432 076 635,00         | NOK             | 1,0874%                  | 24,06 År        | 12,19 År  |                               |
| Annuitet        | 9 317 153,00           | NOK             | 0,8069%                  | 13,61 År        | 7,11 År   |                               |
| HUS-11428628-11 | 142 432,00             | NOK             | 1,1003%                  | 2,00 År         | 1,00 År   | 01.01.2023 Husbanken flytende |
| HUS-11428628-12 | 18 594,00              | NOK             | 1,0988%                  | 2,50 År         | 1,26 År   | 01.07.2023 Husbanken flytende |
| HUS-11428628-30 | 22 051,00              | NOK             | 1,0975%                  | 3,00 År         | 1,51 År   | 01.01.2024 Husbanken flytende |
| HUS-11512929-10 | 576 807,00             | NOK             | 0,8426%                  | 11,25 År        | 5,71 År   | 01.04.2032 Husbanken flytende |
| HUS-11516822-10 | 959 297,00             | NOK             | 0,7994%                  | 12,84 År        | 6,57 År   | 01.11.2033 Husbanken flytende |
| HUS-11520360-10 | 1 318 574,00           | NOK             | 0,7980%                  | 13,42 År        | 7,04 År   | 01.06.2034 Husbanken flytende |
| HUS-11520360-40 | 50 109,00              | NOK             | 0,7964%                  | 13,92 År        | 7,30 År   | 01.12.2034 Husbanken flytende |
| HUS-11520360-50 | 2 041 485,00           | NOK             | 0,7980%                  | 13,92 År        | 7,30 År   | 01.12.2034 Husbanken flytende |
| HUS-11524716-10 | 3 674 008,00           | NOK             | 0,7980%                  | 14,41 År        | 7,56 År   | 01.06.2035 Husbanken flytende |
| HUS-11528903-10 | 513 796,00             | NOK             | 0,7987%                  | 15,33 År        | 7,99 År   | 01.05.2036 Husbanken flytende |
| Serie           | 422 759 482,00         | NOK             | 1,0935%                  | 24,29 År        | 12,30 År  |                               |
| HUS-11424889-10 | 106 250,00             | NOK             | 0,7990%                  | 0,84 År         | 0,58 År   | 01.11.2021 Husbanken flytende |
| HUS-11506050-10 | 166 660,00             | NOK             | 0,8427%                  | 2,25 År         | 1,13 År   | 01.04.2023 Husbanken flytende |
| HUS-11508867-10 | 897 308,00             | NOK             | 0,8425%                  | 13,16 År        | 6,67 År   | 01.03.2034 Husbanken flytende |
| HUS-11528903-40 | 489 159,00             | NOK             | 0,7985%                  | 16,33 År        | 8,33 År   | 01.05.2037 Husbanken flytende |
| HUS-11532098-10 | 1 499 995,00           | NOK             | 0,7987%                  | 16,33 År        | 8,33 År   | 01.05.2037 Husbanken flytende |
| HUS-11532098-30 | 375 323,00             | NOK             | 0,7990%                  | 16,84 År        | 8,58 År   | 01.11.2037 Husbanken flytende |
| HUS-11534979-10 | 2 090 904,00           | NOK             | 1,1000%                  | 17,50 År        | 8,75 År   | 01.07.2038 Husbanken flytende |
| HUS-11537646-10 | 2 159 255,00           | NOK             | 0,8209%                  | 26,25 År        | 13,25 År  | 01.04.2047 Husbanken flytende |
| HUS-11539820-10 | 2 422 616,00           | NOK             | 0,8209%                  | 27,25 År        | 13,75 År  | 01.04.2048 Husbanken flytende |
| HUS-11541719-10 | 3 799 999,00           | NOK             | 0,8426%                  | 28,16 År        | 14,17 År  | 01.03.2049 Husbanken flytende |
| HUS-11543279-10 | 3 933 333,00           | NOK             | 0,8426%                  | 29,16 År        | 14,67 År  | 01.03.2050 Husbanken flytende |
| KBN-20020295    | 337 500,00             | NOK             | 0,9155%                  | 1,25 År         | 0,75 År   | 01.04.2022 P.t. rente         |
| KBN-20040591    | 18 508 690,00          | NOK             | 0,9326%                  | 13,67 År        | 6,92 År   | 01.09.2034 P.t. rente         |
| KBN-20060430    | 810 000,00             | NOK             | 0,9085%                  | 5,74 År         | 3,24 År   | 29.09.2026 P.t. rente         |
| KBN-20080368    | 8 400 000,00           | NOK             | 0,9309%                  | 27,68 År        | 13,92 År  | 04.09.2048 P.t. rente         |
| KBN-20090783    | 4 480 000,00           | NOK             | 0,9000%                  | 13,94 År        | 7,19 År   | 11.12.2034 P.t. rente         |
| KBN-20100955    | 16 000 000,00          | NOK             | 0,8000%                  | 19,99 År        | 10,24 År  | 27.12.2040 Grønn p.t.         |
| KBN-20110848    | 8 843 810,00           | NOK             | 0,9000%                  | 20,98 År        | 10,73 År  | 23.12.2041 P.t. rente         |
| KBN-20120303    | 25 207 380,00          | NOK             | 0,9500%                  | 16,45 År        | 8,45 År   | 15.06.2037 3 mnd Nibor        |
| KBN-20120579    | 5 365 880,00           | NOK             | 0,9000%                  | 16,93 År        | 8,68 År   | 07.12.2037 P.t. rente         |
| KBN-20130405    | 25 475 570,00          | NOK             | 0,9391%                  | 17,63 År        | 8,88 År   | 19.08.2038 P.t. rente         |
| KBN-20140708    | 55 999 960,00          | NOK             | 2,3000%                  | 23,93 År        | 12,18 År  | 05.12.2044 Fastrente          |
| KBN-20150491    | 4 000 000,00           | NOK             | 0,9060%                  | 24,80 År        | 12,55 År  | 19.10.2045 P.t. rente         |
| KBN-20160129    | 11 383 730,00          | NOK             | 0,9253%                  | 25,20 År        | 12,70 År  | 14.03.2046 P.t. rente         |
| KBN-20160508    | 65 000 000,00          | NOK             | 0,9000%                  | 25,85 År        | 13,09 År  | 05.11.2046 P.t. rente         |
| KBN-20170688    | 27 540 000,00          | NOK             | 0,9000%                  | 26,96 År        | 13,71 År  | 16.12.2047 P.t. rente         |
| KBN-20190435    | 114 603 160,00         | NOK             | 0,9199%                  | 28,73 År        | 14,48 År  | 24.09.2049 P.t. rente         |
| KBN-20200493    | 12 863 000,00          | NOK             | 0,9000%                  | 29,88 År        | 15,13 År  | 17.11.2050 P.t. rente         |
| KLP             | 1 670 000,00           | NOK             | 0,9000%                  |                 |           | 01.09.2022 P.t. rente         |
| KLP             | 1 612 500,00           |                 | 1,0600%                  |                 |           | 01.09.2031 3 mnd Nibor        |



## ÅL KOMMUNE

Ål kommune har pr. 31.12.2020 eitt lån i Kommunalbanken med fastrente på 2,3 %. Elles har låna flytande rente, og dette har vore gunstig for kommunen dei siste åra. Rentenivået har vore relativt lågt. Kommunen har berre plassering av midlar i bankinnskot, ikkje i fond eller som finansplassering, jfr. vedteke finansreglement.



## Renteutvikling



## Kostraanalyse


All rapportering til SSB frå kommunane blir organisert i eit nasjonalt informasjons- og styrings-system, KOSTRA. Data frå dette systemet skal gje grunnlag for betre styring av kommunal verksemd gjennom analyse, planlegging og samanstilling.

## Bruk av tala

Det er viktig å merke seg at tala ikkje fortel noko om kvaliteten på tenestene. Til dømes kan ein ynske å ha eit høgt forbruk på ymse tenester som ei målretta prioritering. Samanstilling post for post mot andre kommunar kan gje store utslag viss rapporteringa er gjort ulikt, gjort feil eller ikkje gjort i det heile. Det vil som regel vera klokt å sjå tal og utvikling over nokre år. Eit kritisk blikk krev at ein ofte må sjå bak tala.

## Anna rapportering

Saman med intern rapportering av kvalitet, ressursbruk og resultat vil KOSTRA vere eit nyttig verktøy. Kommunen har eit enkelt oppsett for balansert målstyring der både målkart, planar og tertialsrapportering inngår. Dei ulike einingane har dessutan eigne og lovbestemte krav å styre etter. For overordna styring av rammer og ressursbruk har me budsjett, økonomiplan og rekneskap.



ÅL KOMMUNE

## Organisasjon og medarbeidrarar

Ål kommune kan nok eit år vise til eit solid regnskapsresultat innan HR og, på tross av korona, eit underforbruk i felles personaltenestar (kompetansemidlar, velferdsmedialar, etc.). Kommunen sine tilsette er den viktigaste ressursen vi har for å kunne gi innbyggjarane våre eit tenestetilbod av høg kvalitet. I 2020 var det 647 tilsette i kommunen fordelt på 486 årsverk.

### REKRUTTERING / KOMPETANSE



For å gje innbyggjarane gode tenestar, må vi sikre at vi har den rette kompetansen det er krav om. Ei utfordring er manglar innan helse, pleie og omsorg. Vi arbeider med å halde på den gode kompetansen dei tilsette sit med, samstundes som vi må rekruttere ut ifrå dei behova vi til ei kvar tid har.

Som følge av covid-19 har vi i 2020 ikkje klart å gjennomføre alle rekrutteringstiltak som planlagt, for eksempel aktiv rekruttering av studentar på Campus.

Kommunen legg til rette for at medarbeidarane skal kunne auke kompetansen sin. Men i år har handteringa av korona-situasjonen og organiseringa av drifta rundt dette teke opp mykje av ressursane. Medarbeidrarar har i mindre grad deltatt i (digital) opplæring enn i eit vanlig år. Uansett har det skjedd ei kompetanseheving innan smittevern og bruk av digitale verktøy.

Ingen medarbeidar har søkt eller fått støtte til lengre utdanningar. I oppvekstsektor har 6 personar fått utdelt stipend til vidareutdanning på fag- og høgskular.

2021-2023:

I samarbeid med Høgskulen på Vestlandet (HVL) vil vi få ei desentralisert sjukepleiarutdanning med base i Hallingdal i 2022. OPUS har tilbydd eit gratis program for kvalifisering til høgskuleutdanning i 2021/2022. Helse- og omsorgssektoren har eit prosjekt med mål om å rekruttere og behalde sjukepleiarar, og har søkt om kompetanse- og innovasjonsmidlar til dette.

### LEIING OG MEDARBEIDERSKAP

God leiing på alle nivå og motiverte medarbeidrarar er nøkkelen til suksess. Ål kommune har satsa på å styrke kommunalt leiarskap, bl.a. gjennom to dagars avdelingsleiarmøte med fagleg påfyll og



## ÅL KOMMUNE

workshops med tema relatert til leiing, innovasjon og tenestedesign. På grunn av smitteverntiltak blei avdelingsleiarmøte avlyst på kort varsel.

Kommunen har eit internt opplæringsprogram spesielt retta mot leiarar, verneombod, tillitsvalde og andre interesserte medarbeidrarar.

Tema for samlingane er bl.a. leiing, gjennomgang/ opplæring i HMS-relaterte tema, bruk av IKT-systema/-verktøy og økonomi. I 2020 ble ein del samlingar gjennomført digitalt. Vidare har vi i slutten av 2020 begynt med ei kursrekke om medarbeidarskap for enkelte avdelingar i regi av HAVA. Denne vil bli vidareført i tre samlingar i 2021.

Kommunen opplever ei utfordring i det å rekruttere til leiistarillingar. For å trygge søkerar på at dei vil få god oppfølging og støtte i ei leiande stilling, har kommunen utvikla eit internt leiarutviklingsprogram retta mot nye leiarar utan tidlegare leiarerfaring. I tillegg har vi hatt fleire møte i ressursgruppa for nye leiarar, «Korleis går det», til erfaringsutveksling og uformelle diskusjonar rundt forskjellige problemstillingar. Tilbodet blir nemnt i stillingsannonser.

### 2021 – 2023

Vi har fått tilsegn på midlar til eit program om medarbeidarskap i regi av KS hausten 2021. Her vil leiarar og medarbeidrarar i utvalde avdelingar frå ulike sektorar få jobbe saman om tema som kulturbygging, meistringsklima, endring og tenestedesign. HR har utvikla eit internt leiarutviklingsprogram, «Til topps», i Ål kommune. Dette vil bli brukt til rekruttering av sjukepleiarar og utvikling av medarbeidar som ønskjer ei leiarkarriere, samt kompetanseheving for nye leiarar utan tidlegare leiarerfaring. Vidare venter Ål kommune svar på ein søknad om midlar til eit felles leiarutviklingsprogram for alle Hallingdalskommunane (3 kursdagar i lærings-, endrings-, innovasjons- og utviklingsleiing) hausten 2021.

### INNOVASJON - ORGANISASJONSUTVIKLING

Kommunen hadde planlagt ei internopplæring i innovasjon i 2020, som grunna smittesituasjonen blei gjennomført i byrjinga av 2021.

I 2020 begynte arbeidet med prosjektet «Familiens hus», der ein undersøkjer utsiktene til å lage betre og meir samlande tenester for barn og unge.

### 2021-2023

Eit framtidig mål er å utvikle organisasjonen med fokus på kvalitet i tenestene til innbyggjarane, sterke tverrfagleg samarbeid, digitalisering og gode leiarspenn. Det er behov for å stimulere



## ÅL KOMMUNE

eigenutvikling blant medarbeidarane for å kunne møte kompetansekrav som regjeringa pålegg oss og for å følgje den raske samfunnsutviklinga og digitaliseringa.

### HMS – HELSEFREMMANDE ARBEID

Kommunen har eit mål om at alle dei tilsette skal kjenne tryggleik og arbeidsglede på arbeidsplassen. Vernetenesta og Arbeidsmiljøutvalet (AMU) er ei viktig ressurs for å nå dette målet. HR-sjefen har hatt innlegg for verneomboda om konflikthandtering i 2020.

Ål kommune har medlemskap i HAVA BHT og utarbeider årleg ein aktivitetsplan. Delar av aktivitetsplanen er timer som kan brukast til individuell rettleiing ved behov. Alle leiatar og verneombod gjennomfører grunnkurs i arbeidsmiljø i regi av HAVA BHT. Kommunen har laga ei ny rutine for å ta vare på medarbeidar ved uthenging i sosiale medium.


#### 2021-2023

I februar 2021 er det blitt gjennomført ei medarbeidarundersøking som blir fylgd opp i tråd med KS sin 10-faktor-modell. Avdelingane jobbar aktivt med utvalde tema og med arbeidsmiljøet.

### NÆRVÆRARBEID

Nærværet i kommunen har i 2019 vore på 92,8 %, mot 92,9 % i 2018 (100 % nærvær minus summen av legemeldt og eigenmeldt fråvær). Talet i 2020 er som forventa lågare, på 91,6 %, som følgje av fråvær grunna karantene og forkjølingssymptom (mistanke om smitte med covid-19). I 2021 må vi i tillegg rekne med økt fråvær i samband med vaksinering (biverknader).

Nærværet har i det store biletet vore bra, men einskilde avdelingar har utfordringar. I 2020 har utvalde leiatar deltatt i ressursgruppa «Sjukefråværssoppfølging», kor dei saman med personalrådgjevarar, IA-rådgjevar og NAV-rådgjevar har hatt anledning til å diskutere konkrete saker og utfordringar med sjukefråværssoppfølging. Vidare har vi brukt HAVA til kurs i stressmeistring og i det å ivareta seg sjølv i en krevjande arbeidskvartdag.





## ÅL KOMMUNE

### LIKESTILLING OG LIKELØN

Ål kommune er ein kvinnedominert arbeidsplass, og kjønnsfordelinga har vore stabil over tid. Kommunen følgjer gjeldande lovar, forskrifter og tariffavtalar som kan bety noko for likestilling mellom kjønna. Kommunen arbeider for likestilling og mot diskriminering i alle prosessar i kommunen si verksemd.

Kvinner utgjer 81 % av kommunen sine tilsette. Kommunen speglar eit typisk bilde der kvinner vel omsorgsyrke, barnehage og skule.


Kommunen har ein stor prosentdel kvinner i leiarstillingar. På toppleiarnivå og i rådmannsteamet er det 71 % kvinner; 5 kvinner og 2 menn. På mellomleiarnivå er det 81 % kvinner; 26 kvinner og 6 menn. Kommunestyret har totalt 25 medlemmer; 13 kvinner og 12 menn.



Bilde: girlpower på kommunestyremøte 17.12.2020

I communal sektor tener kvinner i gjennomsnitt litt mindre enn menn. Ulik lønnsnivå kjem i hovudsak av ulik stillingsplassering og utdanning. Kommunen sin lønnspolitikk skal sikre lik utvikling av løn for kvinner og menn. Det er til kvar tid fokus på likelønn innanfor same yrkeskategori. Dette er særleg aktuelt ved nyrekuttering og ved lokale lønnsforhandlingar. Likestillingsprinsippet gjeld også kvalifiserte søkerar med innvandringsbakgrunn. Ved tilsettingar er kommunen opptatt av å tilby heiltidsstillingar så langt som mogleg.

### ALDERSSAMANSETNING



Alderssamansetning blant arbeidstakrarar i Ål kommune




## ÅL KOMMUNE

I Ål kommune har vi ei stor befolkningsgruppe i alderen 60-64 og 50-54.

Aldersfordeling per 1. januar 2020

[Last ned som ...](#)




Kommunen har også i 2020 hatt to leverandørar av tenestepensjon. Statens Pensjonskasse (SPK) for lærarar og Kommunal Landspensjonskasse (KLP) for andre tilsette. Dagens pensjonsordning tilseier at færre tilsette vil gjere seg nytte av AFP-ordninga, og fleire tilsette vil stå lengre i jobb.

I helsesektoren har vi 98 tilsette i aldersgruppa 50-70, blant desse 20 sjukepleiarar/spesialsjukepleiarar. 12 tilsette i helsesektoren er i alderen 62-65 år.

2021-2013

Vi vil jobbe målretta mot å erstatte naturlege avgangar i helsesektoren, bl.a. ved å tilby lærlingplassar innan helsefag. På sikt vil det bli nødvendig med ein diskusjon om korleis vi møter utfordringane knytte til fråvær, mestring og digital kompetanse.



## ÅL KOMMUNE

### KOMMUNEN - DØROPNAR TIL YRKESLIVET

Kommunen er ein viktig praksisarena og døropnar til yrkeslivet. Også i 2020 har Ål kommune hatt fleire inne på forskjellige tiltak. Dette er eit viktig arbeid med tanke på integrering av dei med lågare funksjonsevne og/eller arbeidstakarar som av andre årsaker treng arbeidstrening, språktrening eller anna.

Ål kommune hadde 8 lærlingar i 2020 i helsefagarbeidarutdanning, barne- og ungdomsfaget og kontorfaget. Vidare har fire studentar gjennomført praksisen sin hjå oss.

### ETISK STANDARD

Ål kommune har eigne etiske retningslinjer. Høg etisk standard krev ein stadig prosess der det er open kommunikasjon og refleksjon rundt etiske problemstillingar på dei ulike arbeidsplassane i organisasjonen.

Dei etiske retningslinjene er ein del av kommunen sin arbeidsgjevarstrategi og eit tema i introduksjonen for nye tilsette. Etikk i det daglege er viktig for å styrke og utvikle den etiske standarden som skal kjenneteikne Ål kommune.

### Servicetenester


*Vårt fokusområde i dei tre teama i Servicetenester for 2020 er å jobbe for eit felles «vi».*

*Vi har hatt eit stort sjukefråvær, noko som har bydd på store utfordringar i det å ha nok ressursar til kvar tid. Vi har hatt to faste vikarar på team økonomi/lønn. På servicetorg og sekretariat har vi nytta ressursane på tvers av teama. Vi har hatt lærling i kontorfag heile året som skal ta fagbrev våren 2021.*

Servicetenester yter tenester til både interne og eksterne brukarar. Avdelinga har fagområde innan rekneskap, løn, post/arkiv, politisk sekretariat, servicetorg med ansvar for heimesider, intranett, Facebook, kvalitetssystem, personvern, informasjonssikkerheit og sakshandsaming på ulike felt. Avdelinga representerer åtte ulike regionale grupper: økonomi, løn, web, servicetorg, telefoni, kontor/arkiv, informasjonssikkerheit og personvernombod.

Då heile landet stengde ned 13. mars pga. Covid-19, starta dei aller fleste å jobbe på heimekontor, og alle møte vart gjennomført på Teams, vår nye møteplass. Det var periodar med stort trykk på telefonen og mykje tid til ajourføring av informasjon om korona på dei digitale plattformene til kommunen. Servicetorget var stengt for publikum fram til 31.8.20, opna att 2 dagar i veka kl. 10-14, men på grunn av uoversiktleg smitte stengte vi ned igjen i november og ut året.

Ål kommune og servicetenester er i ei stor utvikling innanfor digitalisering av tenester, og det har påverka avdelinga mykje dette året. Vi har lansert chatboten Kommune-Kari på heimesida og teke i bruk elektroniske personalmeldingar og eDialog. Det har vore forarbeid, testing og opplæring av nytt



## ÅL KOMMUNE

rekrutteringssystem Easy Cruit og forarbeid (saman med regional kontorgruppe) til anbodsrunde på eit nytt saks-/arkivsystem som vart landa i november.

Leiaren i servicetenester har vore med i bulystteamet, sendt ut velkomstbrev, arrangert velkomsttreff, lansert informasjonskanal på heimesida og med profesjonell fotograf teke bilde til felles bruk på digitale plattformer. Kommunen har fått midlar frå KS til å arbeide med klart språkarbeid. Leiaren har saman med kultursjefen jobba med dette i kommunen, laga digitale kurs for tilsette og gjennomført skriveverkstad i lag med språkkonsulent.

| Nøkkeltal                           | 2020    | 2019    | 2018    | 2017    | 2016    | 2015    | 2014    | 2013    |
|-------------------------------------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Tal på besvarte telefonar           | 14.598  | 12.381  | 12.523  | 13.513  | 13.576  | 14.251  | 14.841  | 15.752  |
| Tal på besvarte chat                | 386     | 210     | 230     |         |         |         |         |         |
| Ledsagerbevis                       | 9       | 17      |         |         |         |         |         |         |
| TT- teneste - tal på søkjavarar     | 104     | 112     | 94      | 100     | 100     | 96      | 99      | 98      |
| Parkeringsløyve for funksjonshemma  | 15      | 22      | 24      | 26      | 21      | 12      | 12      | 22      |
| Ambulerande skjenkeløyve/enkelarr.  | 7       | 14      | 14      | 8       | 15      | 15      | 13      | 16      |
| Avlegging etabl.prøve/kunnsk.prøve  | 19      | 29      | 16      | 11      | 6       | 8       | 15      | 14      |
| Førehandsrøysting - totalt          | -       | 765     |         | 912     |         | 498     |         | 730     |
| Tal på søk på heimesida             | 335 390 | 230 305 | 107.289 | 110.228 | 109.302 | 105.695 | 120.707 | 119.527 |
| Tal på gjester på heimesida         | 78 587  | 73 573  | 57.705  | 59.307  | 60.487  | 53.295  | 35.383  | 39.404  |
| Antall lønnsmottakarar              | 1202    | 1.415   | 1.369   |         |         |         |         |         |
| Utsendte fakturaer                  | 22 761  | 21.490  | 21.420  | 26.603  | 17.448  |         |         |         |
| Borgarlege vigslar                  |         | 4       |         | 2       |         |         |         |         |
| Facebook – antall følgere pr 31.12. | Ca 2100 | 1700    | 1362    | 1050    |         |         |         |         |


| Art | 1050 Servicetenester                    | Regnskap 2020 | Budsjett   | Avvik     | Regnskap 2019 |
|-----|---|---------------|------------|-----------|---------------|
| 10  | Løn inkl sosiale utgifter               | 6 999 699     | 7 087 000  | 87 301    | 7 389 954     |
| 11  | Kjøp av varer og tjen som inngår        | 919 255       | 1 033 000  | 113 745   | 1 491 904     |
| 13  | Kjøp av vare og tjenester som erstatter | 1 038 515     | 1 651 758  | 613 243   | 1 234 915     |
| 14  | Overføringer                            | 528 749       | 409 530    | -119 219  | 591 718       |
| 15  | Finansutg                               | 3 223         | 0          | -3 223    | 0             |
|     | Sum utgifter                            | 9 489 442     | 10 181 288 | 691 846   | 10 708 490    |
| 10  | Løn inkl sosiale utgifter               | -631 575      | 0          | 631 575   | -311 433      |
| 16  | Salgsinnt                               | -304 771      | -315 000   | -10 229   | -483 117      |
| 17  | Refusjoner                              | -471 518      | -187 000   | 284 518   | -341 763      |
| 19  | Finansinnt                              | -266 166      | 0          | 266 166   | -121 245      |
|     | Sum inntekter                           | -1 674 031    | -502 000   | 1 172 031 | -1 257 558    |
|     | Sum ansvar: 1050 Servicetenester        | 7 815 411     | 9 679 288  | 1 863 877 | 9 450 932     |

## Mål og utfordringar 2021

Ta i bruk nytt saks-/arkivsystem, Elements.

Ta i bruk rekrutteringsmodulen Easy Cruit.

Arbeide vidare med eit vi-fokus og skapa stabile langtidsløysingar rundt bemanning, ved å dra nytte av kvarandre i Servicetenester.



ÅL KOMMUNE

## Oppvekst

«Betre læring i Ål kommune» er, ved sida av nasjonalt lov- og planverk, styringsverktøy for oppvekst. Kvalitetsmåla som alle avdelingane i oppvekst styrer mot, er i perioden 2016-2020:

A. Tett og tidleg på:

→ Alle får raskt hjelp ved behov, både fagleg og sosialt.

B. Læringsutbytte:

→ Med tilpassing og eigeninnsats har alle utbytterik læring.

Drift og endringsarbeid blir rapportert til kommunestyret i mars i «Tilstandsrapport 2020 for oppvekstsektoren i Ål kommune».


### Covid-19

I mars 2020 vart Noreg råka av Covid 19-pandemien. Barnehagar, skular, helsestasjonen, kulturskulen, VO og innvandrartenesta vart heilt eller delvis stengt i perioden 13. mars til 11. mai. Den største utfordringa første halvår var uro rundt smittesituasjonen og tiltak i sektoren. Det vart utarbeidd rutinar for heimeskule og beredskapstilbod, og etter kvart vegleiarar for drift av barnehagar og skuler etter trafikklysmodellen. Oppvekstsektoren hadde god nytte av IKT-satsinga frå dei siste åra. Med god utbygd infrastruktur, lærarar med mykje kunnskap om IKT og elevar med eigne PC-ar eller nettbrett, var det godt tilrettelagt for ei slik organisering av skulen.

Personalalet i alle avdelingar har strekt seg langt og møtt krisa på ein svært god måte. Mange nye oppgåver kom til, og stadig nye retningslinjer for smittevern sette preg på kvardagen i sektoren. Dette har vore krevjande. Det har også vore ekstremt mykje informasjon knytt til pandemien. Ved oppvekstkontoret har ein rådgjevar hatt eit særleg ansvar for covid-19-arbeidet i sektoren. Me oppretta beredskapstilbod i barnehage og skule. Rutinar/prosedyrar har vorte justert kontinuerleg etter nasjonale føringar. Sektoren har hatt ei bratt læringskurve både i smittevern og i digitale verktøy. Fleire gonger har personell og barn vore mistenkt smitta, og mange har vorte sett i karantene. På eit tidspunkt var også heile avdelingar stengt og ute i karantene. Til tross for krevjande arbeid med pandemien, har me frå hausten arbeidd med så nær som mogeleg ordinær drift med bruk av fleire kreative løysingar. Utviklingsarbeidet har nesten gått som planlagt frå hausten, men med nokre hindringar på vegen. Det er dei tilsette si forteneste at me har klart dette. Kompetanse, endringsvilje og kollegastøtte gjer at det har gått så bra som det har gjort.

## Økonomi

|                              |   |             |             |            |             |
|------------------------------|---|-------------|-------------|------------|-------------|
| 10                           | Løn inkl sosiale utgifter               | 130 059 891 | 131 169 000 | 1 109 109  | 134 315 090 |
| 11                           | Kjøp av varer og tjen som inngår        | 9 262 195   | 7 438 000   | -1 824 195 | 10 531 273  |
| 13                           | Kjøp av vare og tjenester som erstatter | 1 679 240   | 750 000     | -929 240   | 1 366 134   |
| 14                           | Overføringer                            | 2 927 912   | 402 999     | -2 524 912 | 1 504 795   |
| 15                           | Finansutg                               | 3 770 993   | 0           | -3 770 993 | 5 592 345   |
| 16                           | Salgsinnt                               | -7 207 905  | -7 969 000  | -761 095   | -8 753 523  |
| 17                           | Refusjoner                              | -17 594 668 | -12 627 000 | 4 967 668  | -22 691 674 |
| 18                           | Overføringer                            | -2 750      | 0           | 2 750      | -321 723    |
| 19                           | Finansinnt                              | -5 561 627  | 0           | 5 561 627  | -6 640 734  |
| Sum h Grp Ansvar: 2 Oppvekst |   | 117 333 281 | 119 163 999 | 1 830 718  | 114 901 981 |



## ÅL KOMMUNE

Samla resultat for sektoren i 2020 er eit mindreforbruk på 1,8 millionar kroner. Pensjonsutgifter til SPK og KLP har vore overbudsjettet og utgjer kr. 3,1 mill. Dei aller fleste avdelingane har eit resultat under budsjett, men Skattebøl barnehage, Nedre-Ål skule, Skattebøl skule og Ål ungdomsskule har eit overforbruk på lønn. For skulane er årsaka fleire ressurskrevjande barn. Sektoren fekk midlar frå disposisjonsfondet i 2020 til miljørettleiarar i skulen, men dette har sektoren dekt sjølv av eigne midlar. Det har vore nokre vakansar i sektoren, t.d. ungdomslos som var vakant frå 1. juni fram til 31.12. Pandemien har også gjort sitt ved at det har vorte spart ein del på reise, kost og losji for kurs og møte. Det er god økonomistyring i sektoren.

## AKTIVITETEN I 2020

### Statistikk

KOSTRA, GSI og Utdanningsdirektoratet har statistikk for Ål. Her er nokre tendensar:

- Ål innfirer den lovbestemte retten til barnehageplass.
- Grunnskulen i Ål hadde sist skuleår 10,7 elevar per undervisningsårsverk. Nasjonalt var det 15,9 elevar per undervisningsårsverk.
- 15,6% av elevane har vedtak om spesialundervisning. Det er auke totalt på året før med 1,8%, men det er ein nedgang i timetalet for 1-190 timer og ein nedgang i tal på re-tilmeldingar til PPT.
- Resultat på nasjonale prøver er for 5. trinn under landssnittet i engelsk og i rekning og lesing.
- Resultat på nasjonale prøver er for 8. trinn under landssnittet.
- Resultat på nasjonale prøver er for 9. trinn betre enn landssnittet.
- Eksamenspoeng for 10. trinn i 2020 vart avlyst pga pandemien.
- Samla karaktersnitt etter 10. klasse (grunnskulepoeng) er 41,4, som er ein nedgang og under landssnittet.
- I elevundersøkinga er det liten skilnad mellom Ål og det nasjonale gjennomsnittet med eitt unntak. Det gjer grunn til uro at talet på meldt mobbing i 7. trinn er høgt. Dette er ein problematikk og eit arbeid alle rektorane, i samarbeid med hjelpetenestene, er i gang med. Ål kommune har gode rutinar for arbeid med mobbing og inkluderande barnehage- og skolemiljø.
- Det vart fødd 38 barn i Ål i 2020.

### Arbeid i 2020

Drifts- og utviklingsarbeid i sektoren følgjer årshjulet for kvalitetsmåla i «Betre læring», jamfør «Tilstandsrapport 2020 for oppvekstsektoren i Ål kommune». Nokre stikkord:

- Skular og barnehagar er med i prosjektet «Inkluderande barnehage- og skolemiljø, pulje 4».
- Me har rekruttert en del nye tilsette, både leiarar og andre. Me har kvalifiserte søkerar, men det er ikkje mange å velje i. Me ynskjer også fleire menn i sektoren vår.
- Barnehagane arbeider med ny mobbelov i barnehagen, og det er utarbeidd plan for godt psykososialt barnehagemiljø.
- Skulane starta arbeidet med fagfornyinga med vekt på ny overordna del. Mykje av arbeidet vart sett på vent i vår då pandemien råka sektoren. Arbeidet vil måtte fortsette i 2021.
- Modell for betre tverrfagleg innsats (BTI) vert no kalla «Trygg oppvekst». Arbeid med implementering stoppa opp i 2020. Ein stor jobb er gjort med digitalisering av modellen. Implementeringsarbeidet er utsett til 2021.



## ÅL KOMMUNE

- Det vart tilsett ein ny rådgjevar for IKT oppvekst i 20% som ligg til oppvekstkontoret. Rådgjevaren har arbeidd mykje med fokus på kompetanseheving hjå tilsette og sett i gang implementering i barnehagesektoren. Skule er i drift.
- Felles kompetanseutvikling i Hallingdal i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet.
- Felles leiarstøtteprogram i Hallingdal for pedagogiske leiarar, styrarar og skuleleiarar.
- Prosjektet «Samordning og organisering av hjelpetenestene for barn og unge» har gått frå å vere eit forprosjekt til hovudprosjekt. Det vart gjort eit vedtak i sektorutvala til helse- og oppvekstsektoren i 2020 om omorganisering av hjelpetenestene. Administrasjonen er bedt om å komme attende med ein plan for å utvikle tenestene i «Familiens hus» og kva rolle PPT for Ål og Hol skal ha i dette.
- Kulturskulen og Innvandrartenesta flytta inn i nye lokale i Ål kulturhus.

## RESSURSUTVIKLING

Oppfølging av barn og elevar i oppveksten er ei god investering både for enkeltindividet og for samfunnsøkonomien. Kostnaden per barn/elev har auka meir enn prisstigninga dei siste åra. I åra etter 2012 reduserte sektoren talet på tilsette. Samstundes var elevtalet meir stabilt. Frå 2017 har det vore nedgang i barne- og elevtal. I same periode har talet på elevar med store hjelpebehov auka.

## UTVIKLING OVER TID

### Kostnad pr. barn i barnehagen

|                               | 2020    | 2019    | 2018    | 2017    | 2016    | 2015    | 2014    | 2013    | 2012    | 2011*   | 2010   | 2009   |
|-------------------------------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|--------|--------|
| <b>Netto utgift (1000 kr)</b> | 33 567  | 33 911  | 29 678  | 29 122  | 29 027  | 28 165  | 26 366  | 24 176  | 23 031  | 20 663  | 5 205  | 5 073  |
| <b>Tal barn</b>               | 167     | 177     | 173     | 189     | 199     | 203     | 220     | 214     | 207     | 206     | 207    | 207    |
| <b>Kostnad pr. barn</b>       | 166 400 | 191 587 | 171 549 | 154 085 | 145 864 | 138 744 | 119 845 | 112 971 | 111 260 | 100 305 | 25 145 | 24 507 |

Tabellen syner netto kostnad pr. barn i barnehage uansett lengde på opphold.

**Merknad:** Berekningsgrunnlag er netto utgift på ansvar 2000, 2010 og 2020. Ansvar 2000 og 2010 er delt 30/70 mellom 2020 og 2030.

Frå 2012 er reinhaldsutgifter frå ansvar 6030 og utgifter til byggforvaltning frå ansvar 6040 teke med. Frå 2011 vart barnehagane finansiert via rammetilskotet til kommunen på lik linje med skulane. Tidlegare vart barnehagane finansiert via statstilskot.

### Kostnad pr. elev i grunnskulen

|                              | 2020    | 2019    | 2018    | 2017    | 2016    | 2015    | 2014    | 2013    | 2012*   | 2011   | 2010   | 2009   |
|------------------------------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|--------|--------|--------|
| <b>Netto utgift (1000kr)</b> | 80 898  | 78 946  | 77 428  | 73 493  | 71 664  | 70 820  | 68 644  | 68 094  | 67 400  | 62 300 | 59 000 | 57 200 |
| <b>Elevtal</b>               | 544     | 559     | 581     | 590     | 638     | 634     | 641     | 643     | 642     | 642    | 643    | 645    |
| <b>Kostnad pr. elev</b>      | 148 700 | 141 227 | 133 266 | 124 564 | 112 326 | 111 703 | 107 089 | 105 900 | 104 984 | 97 127 | 91 757 | 88 682 |

**Merknad:**

Berekningsgrunnlag er netto utgift på ansvar 2000, 2010 og 2030. Ansvar 2000 og 2010 er delt 30/70 mellom 2020 og 2030.

Frå 2012 er reinhaldsutgifter frå ansvar 6030 og utgifter til byggforvaltning frå ansvar 6040 teke med.

## UTFORDRINGAR I 2021

- Rekruttere fagfolk med rett kompetanse til oppvekstsektoren.
- Halde fram arbeidet med å konvertere frå spesialundervisning til tilpassa opplæring.



## ÅL KOMMUNE

- Tilsyn i spesialpedagogisk undervisning og tilpassa opplæring hausten 2021.
- Gjennomføre IKT-prosjektet etter oppsett framdrift. Satsinga på IKT i oppvekst byr på utfordringar i driftsbudsjettet. Driftsbudsjettet for IKT må aukast.
- Ny integreringslov trådde i kraft 1.1.21. Lova stiller høgare krav til kommunen. Introduksjonsprogrammet skal vere meir målretta mot den einskilde brukaren, og det er innført fleire obligatoriske element. Dette krev godt samarbeid med andre aktørar i kommunen, med nabokommunane og med fylkeskommunen.
- Det er låg arbeidsløyse blant dei busette flyktningane, men det er mange som har vikariat, deltidsjobbar og mellombelse stillingar. Det er viktig å ha fokus på korleis vi best mogleg kan legge til rette for ei god og stabil tilknyting til arbeidslivet for denne gruppa. Det er også viktig for å få dei til å bli i Ål.
- Rekruttering til fagstillingar i t.d. PPT og helsestasjonen.
- Nedgang i barnetal. Faktorar som barnehage- og skulestruktur i framtida, sett opp mot eit godt fagleg- og sosialt miljø, for barn/elevar og tilsette vert viktig.
- Det er framleis mange elevar som har store og samansette hjelpebehov. Dette betyr at elevane treng hjelp både pedagogisk, psykisk og innan helse. Utfordringane framover er å ha nok og rett mannskap til å dekke behova til desse elevane. Det er eit ynskje at talet på elevar med behov for spesialundervising blir senka, og at ressursane heller vert nytta til tilpassa opplæring med fokus på t.d. lese-, rekne- og engelskgrupper. I tillegg må ein sjå på korleis ein kan få inn meir tverrfagleg kompetanse og nytte den på best mogleg måte i skule og barnehage.
- Auke av talet på ressurskrevjande barn som krev spesialisthelse- og tverrfaglege tenester.
- Etterverknadane av pandemien. Utdanningsdirektoratet skriv: «Vi vet lite om hvilke langtidseffekter perioden med nedstenging vil kunne ha for elevenes læring. Elevene har hatt en betydelig forbedring av standpunkter denne våren i både grunnskolen og videregående skole, men elevene og lærerne opplevde ikke nødvendigvis økt læring og faglig utvikling. Kunnskapsgrunnlaget viser at nedstengingen fikk store sosiale, pedagogiske og praktiske konsekvenser (Utdanningsspeilet 2020).
- Overføringsflyktningar krev meir og tettare oppfølging enn flyktningar som kjem frå mottak.
- Det er utfordrande å oppretthalde 10 timar opningstid i barnehagar med redusert barnegruppe. Det kan kome til ei grense der strukturen må vurderast.
- Ved helsestasjonen er det eit auka behov hjå ungdom for samtaler og kontakt med helsejukepleiar.





## ÅL KOMMUNE

### PPT

2020 var prega av til dels store vakanser. Uheldige tilfelle har ført til lange sjukemeldingar. PPT har eit system gjennom teamorganisering som klarer å kompense noko for fravær. Fraværet har dessverre blitt så høgt at organiseringa ikkje har hjelpt. Dette har ført til endå fleire prioriteringar der internmøte er skalert ned til eit minimum og leiar har gått over i saksbehandling og oppfølgingsarbeid for sjukemeldte. Dette er ein situasjon vi har hatt over tid som har ført til ekstra press for ikkje-sjukmeldte.

Covid-19 situasjonen har ført til nasjonale og lokale tiltak som har medført ekstra utfordringar knytt til oppfølging av individsaker. Spesielt har det gått utover fysisk nærvær. I utredningsarbeidet har vi ikke fått gjennomført testinga slik tekstmaterialet er normert. På grunn av avstandsreglar og smittevernreglar har vi mått tilpasse og teste ut funksjonar ut over normeringa. Dette har medført nokre forseinkingar i det sakkunige arbeidet.

### INNVANDRARTENESTA

Innvandartenesta samlar flyktningtenesta og voksenopplæringa for framandspråklege. Ål kommune vart oppmoda om å busette 10 flyktningar i 2020. Det vart busett to overføringsflyktningar i mars og fire i desember, totalt seks personar. I tillegg kom det ein person på familiegjenforeining. Kommunen er anmoda om å busette 14 flyktningar i 2021.


### HELSESTASJONEN

Det vart fødd 39 barn i Ål i 2020. Statistikken under syner ansvarsområdet for helsestasjonen:

| Helsetasjonstenesten                                  | 2020 | 2019 | 2018 |
|---|------|------|------|
| Fødde   | 39   | 39   | 20   |
| Konsultasjonar hos jordmor                            | 719  | 684  | 444  |
| Talet på besøk på ungdomshelsestasjon                 | 92   | 125  | 126  |
| Konsultasjonar barn <5 år                             | 1390 | 1220 | 1011 |
| Konsultasjonar skulebarn i grunnskulen /vidaregåande. | 2920 | 2867 | 3273 |
| Reisevaksinering                                      | 949  | 935  | 892  |

Særlege utfordringar i 2021 og tida vidare:

- Helsestasjonen har store utfordringar i 2021 med covid-19 vaksineringa. Det går ut over tenesta til foreldre, barn og unge.
- Mengda av influensavaksinering er aukande, og tek dermed frå ressursar for barn og unge i helsestasjon- og skulehelsetenesta.
- Vi ser ein tendens til større behov for tettare oppfølging av familiar i barseltida.
- Vi ser ein tendens til større behov hos ungdom for samtaler og kontakt med helsesjukepleiarar.
- Det er vanskeleg å få gjennomført foreldrevegleiing og foreldremøte med dagens ressursar på helsestasjonen.



## ÅL KOMMUNE

### KULTURSKULEN

Ål kulturskule har 261 unike elevar fordelt på 352 plassar Pr. 01.10.20 har vi 30 elevar på venteliste.

| Årstal      | 2020 | 2019 | 2018 | 2017 | 2016 | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 | 2009 |
|-------------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Elevplassar | 352  | 389  | 355  | 339  | 353  | 340  | 360  | 368  | 340  | 325  | 370  | 360  |
| Venteliste  | 30   | 20   | 38   | 40   | 27   | 49   | 70   | 116  | 123  | 95   | 44   | 66   |

Venteliste: Slagverk (6), piano (3), song (4), dans (1), hardingfele (1). To tilbod med for få påmeldte: musikkleik (3) og kor (2).

I januar flytta kulturskulen inn i nye lokalar, og det var ei stor glede å fylle lokalane med vår aktivitet. Vonbrotet var derfor ekstra stort då landet stengt ned 12. mars.


Alle store prosjekt og framsyningar vart satt på is eller gjennomført digitalt. Lærarane i kulturskulen gjorde ein eineståande innsats med å hive seg rundt og lage digitalt opplegg for elevane, både live og med pre-produsert materiale. Stunt som «Optimist», ein eigen video med mange elevar, og opplegg på 17. mai utanfor kyrkja og på Bu- og behandlingssenteret.

Pilotprosjektet vårt «Lealaus» vart gjennomført i Sundre Barnehage. Rektorvikar Rannveig Øygardslia starta eit godt med satsing på folkemusikk i kulturskulen gjennom orientering for representantar frå den administrative og politiske leiinga i Viken Fylkeskommune.

Kulturskulen har hjelpt skulene i koronavenlege DKS-prosjekt der det har vore mogleg. HDK, fordjupingstilbodet vårt på dans, var med på den digitale opninga av SPRANG i juni. Kulturskulen hadde eit fint samarbeid med barnehage og skular med ein kunst-installasjon på Sundre til julegrantenninga. Juleframsyninga vart både live og digital.

Det vart eit spesielt år på alle vis, men vi er takksame for å ha ein lærarstab som kan finne løysingar og strekke seg langt for eleven.





ÅL KOMMUNE

## Helse og omsorg

### OPPSUMMERING 2020

Covid-19 har prega året 2020 med mange nye oppgåver. Det har vore eit kappløp med tida for å prøve å ligge i forkant av smitta.

Delar av Gjestetunet vart gjort om til Covid-avdeling, ein etablerte provisorisk teststasjon. Det vart oppretta smittesporingsgruppe, og ein koronatelefon i samarbeid med Hallinghelse. Innkjøp av


nødvendig medisinsk og elektronisk utstyr vart gjort, og helsepersonell fekk fornya si kompetanse på smittevern. Ål helsecenter vart stengt og pålagt tilgangskontroll. Rutinar og prosedyrar har vorte justerte kontinuerleg etter nasjonale føringar. Avtaler og protokollar som følgje av koronasituasjonen er utforma. Det vart gjort ombygging til smitterom på legevakt. Utanlandske sjukepleierar har hatt behov for karantenebustader, og opphold har vorte lengre enn planlagt.



Sektoren har hatt ei bratt læringskurve både i smittevern og i digitale verktøy. Fleire gonger har personell og pasientar vore mistenkt med smitte, og mange har vorte sett i karantene. Tre gonger har avdeling heimetester sett store delar av brukarar og personell i karantene. På eit tidspunkt var også halvparten av avdelingsleiargruppa ute i karantene. Dette er svært arbeidskrevjande og utfordrande prosessar. Heldigvis kan me glede oss over at det ikkje har kome smitte i våre institusjonar og omsorgsbustader.

Dagsenter og treningsenter har i periodar vorte lagt ned, tilsette har tidvis vorte omfordelt, og det har kontinuerleg vorte vurdert om pasientar kunne klare seg på eit lågare omsorgsnivå med bistand frå pårørande.

Tilsette, avdelingsleierar, kommuneoverlege og stab har i lag med andre sektorar i kommunen gjort ein formidabel innsats, vore kreative og følgd opp dei nasjonale føringane etter beste evne. Også



## ÅL KOMMUNE

frivillige deltok i dugnaden og sydde munnbind og smittefrakkar til personalet i starten av epidemien i 2020.



### Helse og omsorgssektoren har hatt eit økonomisk svært utfordrande år.

Det er særskild tre område som har utfordra regnskapet:

1. Covid-19 med 6,9 mill.
2. Nasjonale satsar knekkpunkt kompensasjon for legar 1,8 mill.
3. Ressurskrevjande tenester 5,7 mill.

Utfyllande kommentarar til arbeidet med Covid-19:

1. Covid-19

Det er ført 6,9 mill. for koronarelaterte utgifter på eigen objektkode. I hovudsak gjeld dette:

- **Smittevernutstyr.** Som følgje av nasjonal mangel på nødvendig smittevernutstyr vart prisane svært høge.
  - **IMA** (intermediæravdelinga, kommunale plassar Hallingdal sjukestugu) vart påverka av Covid-19. Det har vore «pasientturke» både på sjukehus og i kommunane. Bruken av dei kommunale plassane på HSS vart urovekkjande låg; dette vart signalisert til HSS, kommunane, regionrådet og politisk nivå. Ål kommune har mista ei inntekt på om lag 3,5 mill. kroner i 2020
  - **Lønsutgifter** - kr. 574.000 er registrert som koronarelaterte lønsutgifter. Store delar av sektoren sitt arbeid har dette året vore retta mot korona. Det har vore vanskeleg å skilje utgifter til kva som er kva i kvardagen. Lønsutgifter til arbeid med Covid-19 er mest sannsynleg høgare.
  - **Covid-19 har ført til reduksjon i inntekter** i sektoren for t.d. kortidsplassar, dagtilbod, fysioterapitester, felleskjøkken og kantinedrift.
2. **Nye tenestebehov til brukerar med omfattande ressursbehov** har kome til i 2020
  3. **Nye nasjonale satsar med nytt knekkpunkt kompensasjon** for legar med liste på mindre enn 1000 pasientar, samt auka utgifter på legevakt for praksiskompensasjon og beredskapstillegg. Legekontor/legevakt har hatt stor pågang i 2020. Testing som følgje av covid-19 har teke mykje ressursar. Det vart gjort ei ombygging til smitterom.



ÅL KOMMUNE



Foto: Hallingdølen

#### **Annan ordinær drift:**

Oversikt frå koordinerande eining syner eit stigande tal born og unge med ei psykisk utfordring eller ei funksjonsnedsetting. Behov for avlastning i Miljøterapitenesta er aukande, og alle bustader er i dag i bruk. Arbeidet med plan for habilitering er teke opp att; i dette arbeidet legg ein planer for organisering av avdelinga og framtidig bustadbehov.


I september vart det gjort politisk vedtak om å etablere «Familiens hus». Prosjektet ser på korleis ein kan etablere heilskaplege, samtidige og verksame tenester frå ulike nivå og sektorar. I dette arbeidet er det avgjerande å styrke det tverrfaglege samarbeidet. Arbeidsgruppene er i gang, og resultatet frå arbeidet blir lagt fram i strategikonferansa i april.

Kommunepsykolog er ei lovpålagt stilling frå 2020. Det er gjort fleire forsøk på å tilsette i stillinga. Fram til eigen kommunepsykolog er på plass samarbeider Ål interkommunalt om ein kommunepsykolog tilsett i Hemsedal.

Tenester innan psykisk helse og rus er aukande særskilt blant born og unge. «Aktiv ung» har tilbydd aktivitetstilbod kvar veke til om lag 40 born og unge, dekt gjennom eksterne tilskotsmidlar. I korona-tida vart det nødvendig å utvide med fleire aktivitetskontaktar og dele tiltaket inn i fleire grupper.

Tenester frå avdeling heimetenester er merkbart aukande sjølv om ein til ei kvar tid har fokus på tenestene og at ein ikkje tildeler tenester der det ikkje er naudsynt. I 2020 har avdelinga leigd inn frå vikarbyrå for å dekke opp for sjukmeldte og ha forsvarleg fagdekking.

Erfaringane har synt at brukerane i Nigarden raskt får auka tenestebehov og er avhengige av fleire ressursar enn tilbodet legg opp til. Det har og vore naudsynt med eigen ansvarssjukepleiar i Nigarden i 20 % stilling i 2020. Også i institusjonstenestene er det ei endring. Med bakgrunn i stort pleiebehov



## ÅL KOMMUNE

og utfordrande pasientgrupper, samt for å ivareta arbeidstilhøva for personalet, blir det brukt meir ressursar enn stillingar i ramma.


Helse- og omsorgssektoren i Ål har vore prega av endringar både i kommunalsjefen sin stab og i avdelingsleiargruppa. Dette gjeld rådgjevar forvaltning, avdelingsleiar psykisk helse og rus, avdelingsleiar heimetenesta, kommuneoverlege og samhandlingsleiar. Alle stillingar er det tilsett.

### REKNESKAP OG BUDSJETT FORDELT PÅ ANSVAR (ALLE SUMMAR I HEILE 1000 KR)

| Ansvær |                              | Rekneskap<br>2020 | Budsjett<br>2020 | Budsjett inkl<br>endring 2020 | Avvik% | Avvik i<br>NOK |   |
|--------|------------------------------|-------------------|------------------|-------------------------------|--------|----------------|---|
| 3000   | Sektorleiar helse- og omsorg | - 11 553          | -14 693          | -14 693                       | 78,63  | -3139          | 1 |
| 3010   | Intermediær avdeling         | 6 103             | 4 784            | 4 784                         | 127,58 | 1319           | 2 |
| 3020   | Legeteneste                  | 11 416            | 9 530            | 9 530                         | 119,79 | -1 886         | 3 |
| 3021   | Interkommunal legevakt       | 2 132             | 2 941            | 2941                          | 72,51  | 808            | 3 |
| 3030   | Ergo-/fysioterapi            | 7 924             | 8 203            | 8 120                         | 97,59  | 196            | 4 |
| 3040   | NAV                          | 2 911             | 6 432            | 6 432                         | 45,26  | 3 521          | 5 |
| 3050   | Stugu                        | 29 902            | 27 602           | 27 602                        | 108,33 | - 2 299        | 6 |
| 3060   | Tunet/natt                   | 10 178            | 8 419            | 8 419                         | 120,89 | -1 759         | 6 |
| 3070   | Tunet/natt                   | 10 711            | 11 444           | 11 444                        | 93,60  | 733            | 6 |
| 3080   | Miljøterapiavdeling 2        | 22 356            | 19 201           | 19 201                        | 116,43 | -3 155         | 6 |
| 3090   | Miljøterapiavdeling 1        | 17 379            | 17 087           | 17 087                        | 101,71 | -292           | 6 |
| 3100   | Psykisk helse og rus         | 8 918             | 10 332           | 10 333                        | 86,30  | 1 415          | 7 |
| 3120   | Heimetenesta                 | 29 673            | 27 784           | 27 784                        | 106,80 | -1 889         | 6 |
| 3999   | Øyremerka tilskot helse      | 0                 | 0                | 0                             | 0,00   | 0              |   |
| ALLE   |                              | 148 052           | 139 066          | 138 984                       | 106,52 | -9 068         | 8 |

#### Note:

- 1: Lågare inntekter/ tilskot refusjon kostnadskrevjande brukarar. Innsparingar i fellesutgifter for å dekke meirforbruk på løn og vikartenester i omsorgsavdelingane.
- 2: Intermediær avdeling har i 2020 hatt lågare inntekter enn budsjettet grunna mindre bruk av kommunale sengar. Ein faktura er ført på 3000.
- 3: Legetenester og interkommunal legevakt har samla hatt eit overforbruk i 2020. Stor pågang legevaktcentral, teststasjon, auka bemanning i helg i vinter- og sumarsesong og bruk av overtid grunna liten tilgang på kvalifiserte vikarar, endringar i nasjonale takstar
- 4: Avdeling fys/ergo har eit mindreforbruk tross utviding av opningstider dagsenter, ope heile sumaren og tilbod om middagservering dagsenter. Helse auka sin del i koordinerande frå 25 og 50 %. Oppsøkande team endra frå 50 % til 100 % stilling. Koordinerande eining, rehabiliteringsteam og oppsøkande team er også inkludert.
- 5: NAV (kommune) har eit mindreforbruk. Årsaken til avviket er at utgifter er ført på ansvar 3000. 6: Meirforbruket skuldast i stor grad auka brukarbehov. Utfordringar med å rekruttere til ledige stillingar. Vikarfirma må nyttast i periodar for å oppnå fagbemannning. Det har og vore behov for ekstravakter både på dag, kveld, natt og i helgane. Tenesteomfanget til dei yngre brukarane er i jamn auke, og behov for ressurskrevjande tenester stig. Krav for tilskot ressurskrevjande tenester blir strengare årleg, og gjer att kommunen må dekke fleire utgifter enn tidlegare. Det er auke i utgiftene til brukarstyrt personleg assistent og omsorgsløn.
- 7: Psykisk helse og rus,- avdelinga ser ei auke i oppdrag til barn, unge og familiar. Det blir kjøpt to institusjonsplassar utanfor budsjett.



## ÅL KOMMUNE

- *Samla resultat for sektoren i 2020 er eit meirforbruk på 6,09 %.*
- **Skjønnsmidlar tildelt frå Fylkesmannen** for utgifter til Covid-19 ligg hjå rådmann.



FOTO: HALLINGDØLEN


**Året 2020** har vore eit svært krevjande år for leiarar og tilsette både fagleg, økonomisk og ressursmessig. På tross av dette har sektoren utvikla ny kompetanse og eit godt helsetilbod. Kommunalsjefen meiner at kvalitet og innhald i tenestetilbodet som er levert har vore god, tross eit svært unormalt driftsår.

## INVESTERINGAR SOM ER GJORT I PERIODA

- Ombygging av smitterom legevakt
- Tre omsorgsbustader i avdeling Miljøterapi er renovert
- Ny minibuss vart levert i juni 2020
- Ny bil til heimetenesta levert november 2020
- Ny EKG på legevakt, PC til RTG-maskin legevakt, hjartestartar legevakt

## UTFORDRINGAR I 2021

- Fleire av våre innbyggjarar vil ha behov for omfattande tenestetilbod og ressurskrevjande tenester. Behovet stig generelt og i tråd med framskrivinga.
- Helsetenesta må vri tenestene til å førebyggje meir og behandle mindre. Vi må styrke kompetanse og arbeid med velferdsteknologi, kvardagsrehabilitering og demensomsorg, og utnytte potensialet med velferdsteknologi (auke bruk av medisineringsstøtte og e-lås til dør)
- Ressurskrevjande born og unge som fell mellom spesialisthelsetenesta, den kommunale helsetenesta og samarbeidande partar.
- Leiарane står dagleg i krevjande utfordringar, og Ål kommune ynskjer å styrke den einskilde leiari sine leiareigenskapar.
- Sektoren har utfordringar med å rekruttere helsepersonell inn i ledige stillingar. Lite søkermasse generelt på turnusstillingar i Hallingdal. Høgt press på faste tilsette. Fleire tilsette vil gå av med pensjon i 2021. Det må leggjast ein rekrutteringsplan.
- Covid-19-viruset vil fortsatt prege kvarldagen i 2021 og skape store økonomiske utfordringar for helsesektoren.
- Bilparken bør ha kontinuerleg oppgradering, og det må lagast system for oppfølging og fornying. Det er behov for ekstra bil i Miljøterapitenesta
- Omorganisering og oppretting av «Familiens hus».



ÅL KOMMUNE

## Drift og utvikling

### OPPSUMMERING

Sektoren har desse fem avdelingane: utvikling og VAR (vatn, avlaup og renovasjon), reinhald, byggforvalting, veg og park og kommunalt avløpstilsyn og vassforvalting. Aktiviteten har samla sett vore høgare enn forventa, både på inntekts- og utgiftssida. Netto samla underforbruk 4,4 mill. kr utgjer om lag 6,7 % av budsjettet.

### INVESTERINGAR SOM ER GJORT I PERIODEN

Ferdigstilte investeringsprosjekt i 2020:

Fortau til Prestegardsjordet (frå Stasjonsvegen og til Sundre barnehage), kommunalt avløp i Leveld inkl. Leveldåsen hyttefelt, turstig i Leveld, ventilasjon i Stugu, trafikkloysing nedanfor Ål kulturhus, oppussing av Nordbygdene skule inkl. nytt ventilasjonsanlegg og utskifting av maskiner til veg og park. I tillegg er desse fleirårige investeringsprosjekta under arbeid:


Nærngtomter Torpo næringspark, overføringsleidning til kloakk i Votndalen, nye renovasjonspunkt (færre og større), utskifting av gatelysarmatur, opprusting av omsorgsleilegheiter (Brattebakken og avdeling miljøterapi), oppussing av Nedre-Ål skule og opprusting/asfaltering av kommunale vegar.

### REKNESKAP OG BUDSJETT - SAMLA ÅLLE SUMMAR I HEILE 1000 KR

|    |   | Regnskap      | Buds(end)     | Avvik(per.)  | Note |
|----|---|---------------|---------------|--------------|------|
|    |   | 2020          | 2020          | 0            |      |
| H  | Grp Ansvar: 6 Teknisk                                       |               |               |              |      |
| 10 | Løn inkl sosiale utgifter                                   | 42 738        | 46            | 3 639        |      |
| 11 | Kjøp av varer og tjenester som inngår i produksjon          | 42 782        | 30 569        | -12 213      | 1)   |
| 13 | Kjøp av vare og tjenester som erstatter kommunal produksjon | 18 598        | 16 885        | -1 713       |      |
| 14 | Overføringer  | 16 591        | 10 897        | -5 694       | 2)   |
| 15 | Finansutg   | 10 735        | 8 718         | -2 017       |      |
|    | Sum utgifter  | 131 444       | 113 446       | -17 998      |      |
| 16 | Salgsinn  | -46 197       | -39 124       | 7 073        | 3)   |
| 17 | Refusjoner  | -19 955       | -4 844        | 15 110       | 4)   |
| 18 | Overføringer  | -55           | -17           | 38           |      |
| 19 | Finansinnt  | -2 622        | -2 380        | 242          |      |
|    | Sum inntekter   | -68 828       | -46 365       | 22 463       |      |
|    | Sum h Grp Ansvar: 6 Teknisk                                 | <b>62 616</b> | <b>67 081</b> | <b>4 466</b> |      |

Merknadar til tabellen:

1. Aktiviteten har vore høgare enn budsjett på alle tenester.
2. Avviket skuldast hovudsakleg refusjon til Hallingdal Brann og redning, som dels er ført på 13 og dels på 14.
3. Avviket frå budsjett skuldast hovudsakleg at husleigeinntekter på kommunale utleiebustader er om lag ... mill. kr over budsjett og at aktiviteten på byggesaker og oppmålingssaker har vore høgare enn budsjettert.
4. Mva-refusjon og sjukelønsrefusjon pluss inntekt frå sal av tenester til nabokommunar og tilskot frå staten til veterinæravaktordringa.



## ÅL KOMMUNE

### REKNESKAP OG BUDSJETT FORDELT PÅ ANSVAR (ALLE SUMMAR I HEILE 1000 KR)

| Ansvare |                                  | Regnskap | Budsjett inkl. endring |        |   |
|---------|----------------------------------|----------|------------------------|--------|---|
|         | ALLE                             | 62 616   | 67 081                 | 4 466  |   |
| 6000    | Drift og utvikling               |          |                        |        |   |
| 6000    | Drift og utvikling, utg          | 9 327    | 10 335                 | 1 008  | 1 |
| 6000    | Drift og utvikling, innt         | 12 464   | 10 694                 | -1 769 | 2 |
| 6010    | Veg og park                      | -3 137   | -359                   | 2 778  |   |
| 6010    | Veg og park, utg                 | 11 176   | 10 746                 | -430   | 3 |
| 6010    | Veg og park, innt                | 14 071   | 10 797                 | -3 273 | 4 |
| 6020    | Utvikling                        | -2 895   | -51                    | 2 844  |   |
| 6020    | Utvikling, utg                   | 15 154   | 15 677                 | 523    | 5 |
| 6020    | Utvikling, innt                  | 29 781   | 21 517                 | -8 264 | 5 |
| 6030    | Reinhald                         | -14 626  | -5 840                 | 8 786  |   |
| 6030    | Reinhald, utg                    | 13 718   | 14 361                 | 643    |   |
| 6030    | Reinhald, innt                   | 15 376   | 14 361                 | -1 015 |   |
| 6040    | Byggforvaltning                  | -1 658   | 0                      | 1 658  |   |
| 6040    | Byggforvaltning, utg             | 11 630   | 13 861                 | 2 231  | 6 |
| 6040    | Byggforvaltning, innt            | 24 936   | 20 398                 | -4 538 | 6 |
| 6050    | Vedlikehald kommunale bygg       | -13 306  | -6 537                 | 6 769  |   |
| 6050    | Vedlikehald kommunale bygg, utg  | 1 670    | 2 100                  | 400    | 7 |
| 6050    | Vedlikehald kommunale bygg, innt | 3 258    | 3 065                  | -193   |   |
| 6080    | Kommunalt avløpstilsyn           | 398      | 0                      | 398    | 8 |
| 6080    | Kommunalt avløpstilsyn, utg      | 1 876    | 2 915                  | 1 639  | 9 |
| 6080    | Kommunalt avløpstilsyn, innt     | -1 478   | -2 915                 | -1 437 | 9 |

Merknadar til tabellen:


- Utgifter til feiring er medrekna her, utgifter til felles vassforvalting er med her
- Betaling for feienester og refusjon frå andre kommunar på innkjøp og vassforvalting er medrekna her
- Overforbruk på 430' kr i 2020 skuldast generell kostnadsauke utan kompensasjon, vaktordning med mange utrykningar og ekstra utgifter med reparasjon av maskiner
- Betaling for tenester utført for private og andre kommunar og i tillegg mva kompensasjon
- Høgare aktivitet både på utgift- og inntektsida. Høgare inntekter med fleire byggesaker og kart og oppmålingssaker enn budsjettet. Refusjon frå staten for veterinværtakordninga.
- Høgare husleigeinntekter og utgifter til drift av bygg enn budsjettet.
- Løn til ein snikkar er ført på ansvar 6040, men har jobba mest på vedlikehald/opprusting av omsorgsbustader.
- Utgifter til etablering av kontoret har gitt netto utgift første året som er tenkt inntjent i løpet av år 2-5.
- Utgifter og inntekter til vassforvalting er ført på ansvar 6000 sjølv om det opprinneleg var budsjettet her.

### SJUKEFRÅVER

Det legemeldte sjukefråveret har vore lågt i 2020 med unnatak av i avdeling reinhald med 15,3%; av dette 13% langtids.

### SÆRSKILDE HENDINGAR I 2020

- Planlegging av opparbeidning av næringstomter Torpo næringspark
- Nytt felleskontor for spreidde avløp og vassområde Hallingdal er etablert og kome i drift
- Korona-utbrotet har gitt ekstra utgifter til innkjøp av smittevernustyr og ekstra reinhald
- 50 bygg er tilkopla kommunalt av løp i samband med prosjekt avløp Leveld. Så mykje som 30% av dei private anlegga fungerte ikkje som dei skulle, og det er grunn til å tru at det er sama stoda i andre delar av kommunen
- Fyrste og delvis andre byggesteg i prosjekt «Elvelangs», eit spleiseland mellom kommunen og Ål idrettslag, er ferdig
- Ny sykkelstig for Torpoåsen er ferdig (spleiseland mellom kommune og hytteutbyggjarar)



## ÅL KOMMUNE

### PLANAR OG SÆRSKILDE UTFORDRINGAR I 2021 OG TIDA VIDARE

- Snu den negative folketalsutviklinga
- Revidere kommuneplanen; få engasjement og eigarskap og ein god prosess politisk og i lokalsamfunnet
- Strategi for bustadutvikling (sikre mange nok, varierte nok og gode nok bustadomter, prøvebustader, utleige- og omsorgsleilegheiter)
- Halde fram med å styrke samarbeidet med frivillige og næringslivet for å utvikle Ål til ein endå betre kommune å bu i (bulystteam og kommune 3.0-metodar)
- Utføre eit forsvarleg vedlikehald og renovering av kommunale vegar, bruer og bygg for å ta att etterslepet som har bygt seg opp over mange år
- Sluttføre utbygging av kloakk i Votndalen innanfor vedtekne budsjett og tidsrammer
- Bygge ut Torpo næringspark og tilby opparbeidde og byggeklare næringstomter til sjølvkostpris
- Gjere ferdig utbygginga av Oppsjø vassspark

### UTVALDE NØKKELTAL

| Nøkkeltal                        | 2020 | 2019 | 2018 | 2017 | 2016 | 2015 | 2014              | 2013 | 2012  |
|----------------------------------|------|------|------|------|------|------|-------------------|------|-------|
| Abonnentar vassverk              | 1400 | 1383 | 1357 | 1344 | 1341 | 1327 | 1325              | 1298 | 1243  |
| Abonnentar kloakk                | 2093 | 1979 | 1891 | 1858 | 1844 | 1805 | 1774              | 1713 | 1665  |
| Abonnentar renovasjon            | 5584 | 5528 | 5448 | 5439 | 5361 | 5250 | 5016              | 4996 | 4908  |
| Abonnentar slamtøming            | 1892 | 1895 | 1875 | 1852 | 1805 | 1788 | 1771              | 1687 | 1591  |
| Nye fritidsbustader              | 71   | 51   | 51   | 49   | 46   | 41   | 28                | 35   | 27    |
| Tal nye einingar leilegheitsbygg | 0    | 7    | 16   | 0    | 0    | 16   | 4                 | 0    | 7     |
| Tal nye bustader                 | 9    | 7    | 4    | 8    | 5    | 8    | 9                 | 16   | 18    |
| Km merka stig                    | 406  | 400  | 400  | 400  | 294  | 278  | 278               | 260  | 260   |
| Km oppkjørde skiløyper           | 453  | 430  | 430  | 430  | 436  | 440  | 440               | 440  | 410   |
| Daa nydryrka                     | 57   | 73,5 | 7    | 53   | 184  | 110  | 215               | 133  | 160   |
| Sjølvkost % plan                 | 9    | 40   | 66   | 56   | 60   | 76   | (42) <sup>1</sup> | 85   | 86    |
| Sjølvkost% byggesak              | 83   | 73   | 83   | 97   | 65   | 77   | 75                | 75   | 66    |
| Sjølvkost % oppmåling            | 125  | 115  | 84   | 76   | 68   | 83   | 62                | 79   | 74    |
| Km kommunale vegar               | 106  | 106  | 106  | 105  | 105  | 105  | 105               | 104  | 103,5 |

1) Aktiviteten var så låg at talet ikkje er representativt.



ÅL KOMMUNE

## Kulturkommunen 2020

*Kultur i koronaens tid.*

*Året har gjeve oss 37 statlege endringar i føresetnadene for å tilby kultur- og idrettsarrangement.*



Foto: Terje Bjørnson

Publikum og tilsette hadde sett fram til eit år med drift i nye lokale i eit ombygd Ål kulturhus. Dei første lokala vart opne i august 2019 og dei siste lokala vart opna og teke i bruk i januar 2020. I mars vart landet stengt ned grunna Covid-19-pandemien. Dette har ramma kulturlivet hardt! Det frivillige kultur- og idrettslivet har hatt mindre aktivitet, avlyste arrangement, konsertar. Mange har tapt inntekter grunna desse avlysingane. Året har vore prega av mykje usikkerheit og dermed fallande motivasjon.

### **Rekneskap og budsjett for 2020 (tal i heile 1000) for ansvar 5000- 5030 (samla kultursektor)** *Hurra- me klarte å halde budsjettet for 2020!!*

|    |   | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 | Avvik                 | Rekneskap 2019 |
|----|---|----------------|---------------|-----------------------|----------------|
| 10 | Løn inkl. sosiale utgifter              | 8 406 841      | 10 397 000    | 1 990 159             | 9 197 555      |
| 11 | Kjøp av varer og tjenester som inngår   | 3 492 553      | 3 286 000     | -206 553              | 4 631 890      |
| 13 | Kjøp av vare og tjenester som erstattar | 0              | 24 000        | 24 000                | 18 496         |
| 14 | Overføringer                            | 2 868 976      | 2 585 032     | -283 944              | 1 954 207      |
| 15 | Finansutgifter                          | 364 095        | 0             | -364 095              | 547 986        |
| 16 | Salgsinntekter                          | -2 350 057     | -3 519 000    | -1 168                | -3 919 524     |
| 17 | Refusjonar                              | -1 005 262     | -748 000      | 257 262               | -1 409 739     |
| 18 | Overføringer                            | -1 344         | 0             | 1 344                 | -1 324         |
| 19 | Finansinntekter                         | -595 627       | 0             | 595 627               | 0              |
|    | Sum ansvar 5000 Kultur                  | 11 180 175     | 12 025 032    | 844 857 <sup>1)</sup> | 11 019 547     |

1) eit underforbruk på alle 3 avdelingane, i heile tusen: 255' biblioteket, 500' kulturhuset og 89' kulturkontoret

### **Kulturkontoret**

- Tolke smittevernreglar med ulike anbefalingar frå fleire forvaltningsnivå. Avklare økonomiske og praktiske spørsmål knytt til både frivillig idretts- og kulturliv og til Ål kulturhus.
- Stendig arbeid med å bygge arbeidslaget og samhandling mellom nye avdelingar på kulturhuset.



## ÅL KOMMUNE

- Kulturprisen 2020 gjekk til Durspeltradisjonen i Ål, ved Oddvar Fingarsen, Jostein Sørbøen og Thorleif Stave.
- Ungdomsstipend: Henrik Opheim Berg, for sin talentfulle hallingdans og Sigrid Haug Grønnerød for gode resultat i skiskyttarlonopene.
- «Åleine saman» - digital kanal for å formidle både informasjon og kultur. Ordføraren og andre sentrale aktørar vart intervjua og fleire av intervjua vart tolka med teiknspråk. Me la ned mykje arbeid i å fylle kanalen med aktivitetar og innhald, men bruken av sida syntet at behovet ikkje var så stort som forventa.
- Kulturminnevern: Konservering av Fredrik 2. sin bibel. No skal denne stillast ut i Stavkyrkjemuseet.

## Frivillig kultur- og idrettsliv

- Nettportalen «Fritid Hallingdal» blei ferdigstilt i 2020. Portalen er for heile Hallingdal og skal innehalde fritidsaktivitetar som er organiserte, faste og opne, der laga sjølv registerer sine aktivitetar.
- Anlegga i Ål som fekk spelemideltilskot i 2020 er:

|                                 |                    |  |
|---------------------------------|--------------------|--|
| Sykkelsti Opheim-Tretttestølane | Deltilsegn 900 000 | Ferdigstilt og utbetalt  |
| Lysløype Bakketun               | Deltilsegn 800 000 | Under arbeid, ikkje utbetalt   |
| Elvelangs Trimpark              | 142 000            | Ferdigstilt og utbetalt 125 000<br>(avkorting pga diff. i rekneskap) |
| Elvelangs Hinderløype           | 182 000            | Ferdigstilt og utbetalt  |



Foto: Terje Bjørnsen

- Som følge av koronapandemien valde fylkesrådet i Viken og kulturdepartementet å prioritere frivillige lag og foreiningar og anlegg for friluftsliv. Viken fylkeskommune blei tildelt 262 millionar kroner; 57,8 millionar mindre enn det Akershus, Buskerud og Østfold fekk til saman i 2019.



## ÅL KOMMUNE

- Offentleg bading på Nedre-Ål blei realisert i 2020, til stor glede for innbyggjarane.
- Det er stifta eit nytt idrettslag i 2020: Hallingdal Frisbeeklubb.
- Revidering av kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv blei starta i 2020. Dette skal bli ein temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.
- Det er i 2020 mange avlyste arrangement grunna koronapandemien. 7 av 18 planlagde større arrangement blei gjennomført med restriksjonar.
- Kultur- og idrettskonsulenten gjennomførte ei kartlegging av alle kulturlokale i Ål kommune i perioden januar 2020 til mai 2020. Ein del lokale har behov for oppgraderingar. Frivillige lag og organisasjonar har vore positive til tiltaket. Me har mange lokale i Ål med veldig god akustikk eigna for akustiske konserter, kor eller song.

## Ål kulturhus

*Me takkar publikum for å syne stor velvilje i ei lite føreseieleg tid, og ynskjer dei alle hjarteleg velkomme attende hausten 2021.*

Følgjande arrangement blei gjennomført for pandemien råka landet:

- ✓ Totland & Styve: Musikk folkens! (januar 2020): 108 besøkande
- ✓ Åge Sten Nilsen & the Butterflies (januar 2020): 48 besøkande
- ✓ Hellbillies –jubileumsturné (februar 2020): 700 besøkande
- ✓ Sangfoni (februar 2020): 288 besøkande
- ✓ Vaffelhjerte m/Riksteatret (mars 2020): 226 besøkande
- ✓ UKM lokalmønstring (mars 2020): 86 besøkande
- ✓ Askeladden og prinsessen i Trollfjellet (mars 2020): 30 besøkande

### Nasjonal nedstenging og avlysing av kommande arrangement frå 12. mars 2020.


Ål kulturhus har vore hardt råka av koronapandemien. Alle scenearrangement måtte avlysast eller flyttast. Det er vore tidvis stenging av huset og restriksjonar på publikumstalet i salane våre. Svært få arrangement har vorte gjennomført på Ål kulturhus i 2020. Grunna stenging estimerte me i juni eit stort inntektstap. Me gjennomførte desse tiltaka:

- ✓ Reduksjon av marknadsføring (redusert annonsering, ikkje trykt programblad)
- ✓ Reduksjon av bevertning (bl.a. artistar, møter etc.)
- ✓ Reduksjon av filmleige
- ✓ Reduksjon av innleige artistar, teknisk utstyr og teknikar-bistand
- ✓ Frå august til desember, under stenging av huset/ få arrangement, har fleire tilsette har vore omplassert til andre avdelingar i kommunen.



## ÅL KOMMUNE

*Me takkar tilsette for pågangsmot, endringsvilje og optimisme gjennom eit krevjande år, der samhandling nytenking har prega arbeidet.*




## Sprang

Fyrste driftsår i ferdig sal! Salen har vore lånt ut til danseensemble som hadde bruk for produksjonsscene. Digital opning av salen vart gjennomført i mai i samarbeid med Folkemusikkveka. 1 800 publikumarar fekk med seg opningsførestillinga som vart strøyma i samarbeid med Hallingdølen. Hausten 2020 vart det arbeidd fram ei avtale med Bærum kulturhus. Avtala vil sikre både inntekt og aktivitet i åra 2021-2022-2023.

## Ål bibliotek

2020 skulle bli det første normale driftsåret i nytt biblioteklokale, men vart langt i frå normalt då korona-pandemien råka. Biblioteket starta med tilbod om at folk kunne bestille bøker og hente dei utanfor inngangsdøra. Mange nytta seg av dette, og utlånet i «take-away»-perioden var på heile 46 % av utlånet i same periode i 2019. Det var også tilbod om heimkøyring av bøker, og sommaren 2020 var det stor trafikk på biblioteket og ei auke i digitalt utlån.




## ÅL KOMMUNE

Biblioteket fekk gjennomført heile 11 kulturarrangement i 2020 med ein til kvar tid gjeldande smittevernsreglar (282 vaksne, 67 born).

Koronasituasjonen har gjort det vanskeleg å gjennomføre så mange besök og opplegg for born som barnebibliotekaren vanlegvis har innan oppvekstsektoren.



Foto: Terje Bjørnsen



## Ål bygdearkiv

Året 2020 har også for Ål bygdearkiv sin del vore sterkt prega av Covid-19 pandemien, og me har vore gjennom heilt og delvis nedstenging, forsiktig opning og så nye restriksjonar igjen. Dagleg leiar har i 2020 hatt si vanlege arbeidstid, og har helde ope for publikum med tilhøyrande smitteåtgjerder når det har vore tilrådeleg.

- ✓ Friviljuge stiller framleis opp som arbeidshjelp og rettleiarar for publikum torsdagane. Dei held også bygdearkivet ope laurdagar.
- ✓ Bygdearkivet får kvar veke ulike førespurnader frå publikum, også frå personar langt utanom Ål. Utanbygds frå er det førespurnader om slekt og særleg biletar av spesifikke personar eller gardar. Arkivet får elles besök av folk som ser etter arkivstoff til ulike formål. Talet på spørsmål totalt har gjennom åra loge mellom 100 og 150. Dei har ofte fått svar via e-post/anna grunna restriksjonar.
- ✓ Bygdearkivet mottok 5 nye arkiv eller tilvekstar til arkiv i 2020.
- ✓ Disponibel saldo Ål bygdearkiv per 31.12.20 var 108 412 kr. Dagleg leiar vert lønna av kommunen.
- ✓ Etter samarbeid med Vestfoldarkivet er no mykje av lagsarkivet vårt tilgjengeleg på serienivå (oversikt over tilgjengelege dokument under eit særskild arkiv) på Arkivportalen.

*Arbeidet i bygdearkivet er prega av god stemning i eit triveleg miljø!*



## ÅL KOMMUNE

### Utfordringar i kultursektoren i 2021

*Planlegge opning av kulturlivet; basert på «den nye normalen» for kulturaktivitet og – konsum.*

- ✓ Begynne planlegging av 30 års jubileum for Ål kulturhus; november 2022
- ✓ Ferdigstille prøvedrift og rette opp manglar på nybygget til Ål kulturhus.
- ✓ Den største utfordringa i komande økonomiplanperiode blir å drifta eit godt og funksjonelt Ål kulturhus innanfor ei stram økonomisk ramme, noko som føresett kreativ næringsutvikling og publikumsutvikling på huset.
- ✓ Vidareføre og styrke samhandling og vertsskap på tvers av alle avdelingane på huset.
- ✓ Utvikling av innhaldet i SPRANG - Landsdelsscene for dans; vidareutvikle samarbeidet med Bærum kulturhus.
- ✓ Kulturplan 2019-2025: jobbe med å setja i verk politisk vedtekne tiltak.
- ✓ Målbruksplan: Gjennomføre tiltak for å styrke klart språk og nynorsk blant tilsette i Ål kommune.
- ✓ Oppretthalde god dialog med det frivillige kultur- og idrettslivet. Sende ut to årlege nyheitsbrev.
- ✓ Gjennomføring av stor jubileumsutstilling om Rolf Nesch, på kulturhuset og i Stavkyrkjemuseet.
- ✓ Gamalt kart frå prestegarden og Fredrik 2. sin bibel skal stillast ut på Stavkyrkjemuseet.
- ✓ Ål bygdearkiv skal gjennomføre ei registrering og teljing av alle oppdrag gjennom året.
- ✓ Ferdigstille temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2021-2025.



Besøket i dei nye og opne lokala til biblioteket har ein etter flyttinga ikkje hatt utstyr til å telje. F.o.m. 2021 vil det kome tal på dette.

## Lokalsamfunn

### Folkehelse

*Livskvalitet og trivsel handlar mellom anna om arbeid, inntekt, bustad og fritidstilbod. Og mest av alt handlar det om korleis me har det i kvardagen. Ål vil arbeide for å styrke folkehelsa og medverke til at einskildmennesket meistrar kvardagen sine krav. Alle skal bli sett og ta sin del av ansvaret for eit inkluderande og levande nærmiljø.*




## ÅL KOMMUNE


### Corona-året

Året har vore annleis med fleire restriksjonar og ein annan kvardag enn det dei fleste er vane med. Kva vil det ha å seie for folkehelsa? Ungdata-undersøkinga i 2021 har mellom anna fleire spørsmål om dette.

### Folkehelseprofilen

Folkehelsebarometeret (sjå vedlegg) viser trekk ved kommunen si folkehelse og korleis Ål er samanlikna med landsgjennomsnittet. Den seier ikkje noko om korleis einskildmennesket har det. Ål ligg på landsgjennomsnittet eller litt høgare på dei fleste parametrane, eit godt resultat for Ål. Fysisk aktivitet er tema for årets folkehelseprofil. I Ål, som i resten av landet, oppfyller berre 3 av 10 vaksne tilrådingane om fysisk aktivitet. Barn og unge har høgare aktivitetsnivå enn vaksne. Dei fleste 6-åringane oppfyller minimumstilrådingane om fysisk aktivitet, men andelen fell i løpet av barne -og ungdomsåra. Dette gjeld også for Ål. 25% av 17-åringane i Ål skriv at dei trener sjeldnare enn ein gong i veka. Dette er på landsgjennomsnittet. Det vil vere viktig å legge til rette for lågterskelaktivitet og ha lett tilgjengelege arenaer og område for kvarlagsaktivitet og nærfriluftsliv.





## ÅL KOMMUNE

Grunnen til at drikkevassforsyninga kjem därleg ut er at vi i 2019 (året opplysningsane som ligg bak denne faktoren stammar frå) hadde 3 større leidningsbrot med mange ikkje planlagde kundetimar utan vatn. Det er ikkje noko å seie på kvaliteten av vatnet.

### Fritid Hallingdal [www.fritidhallingdal.no](http://www.fritidhallingdal.no)

For å få oversikt over kva for fritidstilbod som fins i Hallingdal, har Ål kommune gått i spissen for å utvikle ei nettside etter ei velprøvd programvare frå Modum kommune. Fritid Hallingdal gjer oversikt over organiserte fritidstilbod i Hallingdal og er publikumsvennleg. Regionrådet i Hallingdal og Hallinghelse samarbeider om marknadsføring av tre digitale portalar med informasjon om kva skjer i Hallingdal (arrangement), [www.kvaskjer.hallingdal.no](http://www.kvaskjer.hallingdal.no), kurs i Hallingdal, [www.kursihallingdal.no](http://www.kursihallingdal.no) og fritidstilbod, [www.fritidhallingdal.no](http://www.fritidhallingdal.no).

### Bulyst i Ål

Det er eit overordna mål at *fleire innbyggjarar på tvers av generasjonane vert engasjert i lokalmiljø og frivillig arbeid*. Bulystprosjektet er ein del av kommunen si satsing på sam-skaping og innbyggarinvolvering med mellom anna grendemøte og tilflyttartreff. Prosjektet med tverrfagleg prosjektgruppe heldt fram arbeidet sitt i 2020.

### Frisklivssentralen


Frisklivssentralen er ein viktig aktør i det helsefremmende og førebyggande arbeidet. Hovudmålgruppa til frisklivssentralen er personar som risikerer å eller har utvikla sjukdom og treng støtte og rettleiing til å endre levevanar og meistre helseutfordringar. Faste økter med fysisk aktivitet. Samarbeider med dei andre frisklivssentralane i Hallingdal om blant anna bra mat-kurs, røykeslutt-kurs, søvnkurs og kurs i livsstyrketrening (saman med Hallinghelse). Deltek i røykeslutt-pilot i regi av Helsedirektoratet, der dei som røyker dagleg og ønskjer å slutte, får tilbod om gratis legemiddel mot røykeslutt i inntil 3 månader i kombinasjon med rettleiing/røykeslutt-kurs.

|                                       | 2015   | 2016   | 2017 | 2018 | 2019 | 2020  |
|---------------------------------------|--------|--------|------|------|------|---|
| Nye frisklivsreseptar                 | 62     | 77     | 70   | 72   | 57   | 35  |
| Tal bra mat kurs                      | 3 (27) | 1 (11) | 1    | 1    | 2    | 1 (7 påmeldte, 3 gjennomførte pga covid-19) |
| Individuell kostrettleiing            | 16     | 14     | 10   |      | 5    | 2   |
| Røykesluttkurs/rettleiing- deltakarar | 1      |        |      |      |      |   |
| Deltakarar «Aktiv ung»                | 17     | 17     | 38   | 50   | 41   | 52  |

**Aktiv ung** vert drifta av Frisklivssentralen med midlar frå Barne-, ungdoms- og familiemedirektoratet (Bufdir). Aktiviteten følgjer skuleåret. Det har særleg vore viktig å ha denne lågterskel-aktiviteten i corona-året.

### ALLEMED

Eit verktøy for felles bevisstheit for kommunen og lag og organisasjonar om korleis vi saman kan få ALLEMED i fritidsaktivitet. Ungdomsarbeidaren er ALLEMED- koordinator. Elevar i 5.trinn får spørsmål om deltaking i fritidsaktivitet i elevsamtala, for å kartlegge evt. behov for oppfølging av ALLEMED-koordinator. ALLMED er presentert som verktøyet for leiarar i alle idrettslaga i Ål.



## ÅL KOMMUNE

### Utlånssentralen BUA

BUA set stadig nye utlånsrekordar, og dei opplever god og aukande etterspurnad. I corona-året går det mykje i å sjå mogelegheitane i nærfriluftslivet. BUA hadde 2000 utlån i 2020.

### ÅI52- 10 turfavorittar

10 turfavorittar held fram som samarbeidsprosjekt mellom Ål Utvikling AS, Ål IL O-gruppa og Ål kommune. Pga. Covid-19 vart det lagt opp til anna registrering enn å klippe på turkortet, og kick-off vart avlyst. Alle tilsette i kommunen fekk turkort i gáve også i 2020.

### Elvelangs

Elvelangs har allereie vorte ein suksess. Mykje er ferdigstilt, og arbeidet held fram. Dette er eit svært viktig folkehelsetiltak. Elvelangs vert allereie brukt av mange ulike brukargrupper.

Dugnadsanden er formidabel, og samarbeidet mellom kommunen, Ål idrettslag, Ål VGS og frivillige er god. Elvelangs er heilårstilpassa og universell utforma; lys er sett opp frå Bråta til Oppsjø, skiløype vinterstid, gapahukar, kvileplassar med benkar, badeplass, fiskebrygge, hinderløype, treningsapparat m.m. Planlagd offisiell opning av Elvelangs i september vart avlyst pga. Covid-19. Prosjektet rullar vidare, nye midlar har kome inn.

Oppsjø vasspark fått tilskotsmidlar frå Kulturdepartementet til flytebrygge, stupetårn, badstue, eigen utlånsavdeling for BUA, øvings- og redningspark i samarbeid med skular, NLA, Røde kors, Hallingdal brann- og redningsteneste, regionrådet.

### Utfordringar og mål framover

1. Minke helseeskilnader som fylgje av sosial og økonomisk ulikskap.
2. At folkehelse i aukande grad skal setje preg på samarbeidstiltak mellom kommune og private aktørar, næringsliv og frivillige.
3. Redusere faktorar som på lang og kort sikt har, eller vil kunne ha, negativ innverknad på helsa.
4. Leggje eit “føre var-prinsipp” til grunn der ein er usikker på om eit tiltak kan få negative verknader for helse og trivsel.
5. At fleire innbyggjarar på tvers av generasjonar vert engasjert i lokalmiljø og frivillig arbeid.
6. Styrke frisklivsarbeidet, og gjennom dette stimulere til sunne levevanar, god ernæring og fysisk aktivitet hjå den enkelte og i befolkninga.
7. Gjere natur og friområde lett tilgjengeleg for alle. Det gjeld særleg grøne lunger, nærfriluftsområde og turløypenett.
8. At alle skal ha høve til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivselskapande og miljøvennleg aktivitet.
9. Avgrense støy, og bruke “føre var- prinsippet” i tiltak der støy kan gje helseulempe.
10. At Frivilligsentralen sitt arbeid vidareutviklast.
11. Arbeide for trafikktryggleik gjennom fysiske tiltak og haldningsarbeid.



## ÅL KOMMUNE

### Næringsutvikling

#### Strategisk næringsplan

Ål kommune har ein strategisk næringsplan som styringsverktøy for ein heilskapleg næringspolitikk. I gjeldande plan definerer Ål kommune rolla si til å vere ein tilretteleggjar, samarbeidspart og støttespelar.

Ål kommune legg vekt på at næringslivet i Ål bidreg til å skape både nye og eksisterande, trygge arbeidsplassar, nyttar ny teknologi, nyttar forsking, utvikling og kompetanse, er aktive innan næringssamarbeid lokalt og regionalt, bidreg positivt til profil og omdømmebygging og satsar på lokalproduksjon.

Planen peikar ut fire næringar som er spesielt viktige for kommunen: kultur og kreative næringar, reiseliv og fritidsbustader, helse og omsorg og landbruk. Planen skal reviderast i 2021. I 2020 var meir enn 50 bedrifter involvert over tre arbeidsmøte for å kome med innspel til ny plan.

#### Næringsareal

Kommunen utviklar byggeklare næringstomter på Torpo næringspark (tidl. Wangen camping) til bruk i 2021. I 2020 var det oppstart på detaljreguleringa. Ny prosjektleiar på denne jobben er Glen Valstad.

#### Utviklingsprosjekt

- Næringsareal: Næringsutviklar er prosjektleiar for å sørge for intensjonsavtaler for Torpo næringsareal.
- Frukostmøter 2020: Det blei arrangert 3 fysiske Frukostmøter for næringslivet. I tillegg var det arrangert eit digitalt med offentleg anskaffing som tema.
- Bedriftsbesøk 2020: Rådmann, ordførar og næringsutviklar besøkte i 2020 24 bedrifter på «Tour de Ål».
- Bulyst og blilyst: Næringsutviklar er med i eit team som jobbar med bulyst og blilyst. Prosjektet gjekk frå 2020 til 2021 over i «hovudprosjektfase» som skal gjere prosjektet og tiltak meir operativt.
- Regionalt samarbeid: Næringsutviklar har hatt stort fokus på regionalt næringssamarbeid i 2020.


#### Næringsfondet

Ål kommune har i 2020 brukt ca. 1,9 millionar kroner frå Næringsfondet til støtte til næringsaktørar innan mange forskjellige næringar, både til ny-etablerarar og eksisterande bedrifter og til fleire utviklingsprosjekt.



ÅL KOMMUNE

## Folketal og bulyst



**Kilde**  
[Fødte, Statistisk sentralbyrå](#)

Folketalet har gått ned fra 2020 til 2021. Både fødselsloverskotet og netto innvandring har vore negativt. Det er grunn til å uroe seg.

Salet av tomter i det sentrumsnære Kolbotn-feltet har gått unna. Sidan feltet var ferdig i 2014 har det vorte selt 20 tomter, medan 13 er ledige. På Torpo er det ikkje selt nokon kommunal tomt i 2019, og 17 tomter er ledige. Det same gjeld Gunnarhaugen (Leveld) der det no er 14 ledige tomter.


I Vats bustadfelt vart det selt om lag ei tomt i året. No er alle selt. I Votndalen bustadtomt har me ikkje selt tomter dei siste åra, og fire er ledige. I det private Haugen tomtefelt er det starta bygging av 2 hus i 2020. Utbygging av bustader på Hago (Hago gard) har starta opp, og til no er 4 bygg med til saman 18 bueiningar bygd. For å sikre tilgangen på bustadhus vert det følgt opp at bustadhus framleis vert brukt som heilårsbustad i samband med eigedomsoverdragning.

Det er arbeidd med prosjekt bu- og blilyst i Ål med mellom anna følgjande aktivitetar:

- Kartlegging av behova nytiflytte har
- Sosiale treff for nytiflytte
- Bulystmøter på Torpo, i Nordbygdene og på Sundre. Desse resulterte i oppretting av grenaudval/bulystgrupper/velforeningar som planlegg tiltak i lag med representantar frå kommunen



**Kilde**  
[Befolking, Statistisk sentralbyrå](#)



ÅL KOMMUNE

## Hallingdal barnevernteneste

Lova si målsetting for barnevernet: «*Barnevernets hovedoppgave er å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Barnevernstjenesten skal også bidra til at barn og unge får trygge oppvekstkår.*»

### HALLINGDAL BARNEVERNTENESTE

Hallingdal barnevernteneste er eit vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28 b, og Ål kommune er vertskommune. Tenesta har 31 tilsette fordelt på 26,8 årsverk. Tre stillingar er finansiert med øyremerkte midlar frå Staten. Tenesta har hovudkontor i «Familiens hus» på Ål og disponerer lokalkontor i dei andre fem kommunane.

Det er andre som sender bekymringsmelding kring enkeltbarn til barnevernet. Det gjer at det i forkant er lite høve til å styre arbeidsmengde, tal på saker, kompleksitet i sakene og kostnader det vil medføre neste år. Barnevernet sitt lovverk set store krav til saksbehandling og fristar, og tenesta blir vurdert ut frå tal på avvik etter barnevernslova. Det er etablert gode rutinar for internkontroll som vert gjennomført fire gonger pr.år.

### ØKONOMI:

Administrasjon og fellesutgifter vert fordelt etter fordelingsnøkkelen mellom kommunane.

Utgifter knytt til konkrete barn og familiar vert kostnadsført på den kommunen der barnet høyrer heime. Hallingdal barnevernteneste har brukt 7,87 % mindre enn budsjett i 2020. Dette utgjer eit mindreforbruk på ca. kr. 4.681.120. Det vil vere kommunevise forskjellar frå år til år, og dette handlar i hovedsak om enkeltbarn. For Ål kommune viser rekneskapen eit mindreforbruk på kr 1.170 363-, (12,66% mindre enn budsjettet).

### PERSONAL:


Det har gjennom fleire år vore høgt sjukefråvær i barnevernet, noko som også gjeld på landsbasis. 2019 og 2020 har vore spesielt krevjande år på personalsida, med sjukefråvær, stor turnover og vakansar. Fleire medarbeidarar har slutta, og mykje kompetanse forsvann ut. Det er utfordrande å rekruttere medarbeidarar med både relevant utdanning og erfaring frå barnevernsarbeid. Det tek tid å bygge opp att kompetanse som er borte. Med avgrensa ressursar er det mindre kapasitet til å gje god nok opplæring og kompetanseheving. Det som er positivt er at i løpet av 2020 har vi lykkast å rekruttere mange nye og dyktige medarbeidarar, og vi er no fullt bemanna.

Oversikt over sjukefråværet dei siste åra:

| 2016  | 2017  | 2018  | 2019  | 2020  |
|-------|-------|-------|-------|-------|
| 11,4% | 10,7% | 10,4% | 10,1% | 15,2% |

### CORONA-ÅRET 2020:

Barneverntenesta er ei fyrstelineteneste som har i oppgåve å sikre utsette barn og unge og deira familiar. Drifta består av menneskemøte. Det vart utfordrande då samfunnet stengde ned i mars 2020. Vi er personell i samfunnskritiske posisjonar, og skulle i den perioden heller trappe opp enn ned. Fokus vart å kartlegge og følge opp dei mest utsatte barna og familiene, saman med andre instansar, og følge dei opp tett. Vi vil rose samarbeidet mellom instansane som har ansvar for barn,



## ÅL KOMMUNE

unge og familiar i kommunane. Alle gjorde en formidabel innsats for å kartlegge og følge opp dei mest sårbare barna og familiane. Ein risiko ved ei slik nedstenging var at desse barna ikkje vart sett av andre vaksne. For andre familiar igjen bidrog nedstenginga til at stressnivået i familien vart redusert, og fleire opplevde at det vart ein enklare familiesituasjon.

Antall bekymringsmeldingar gjekk kraftig ned dei fyrtre månadene av nedstenginga.

Vi måtte jobbe frå heimekontor, men skulle prioritere oppfølging av familiane. Vi fant nye arenaer utandørs for møte, heimebesøk og barnesamtaler. Vi oppdaga i langt større grad digitale hjelpemiddel, ei erfaring vi vil ta med oss vidare. Det er uro knytt til korleis nedstenginga og utfordringar knytt til det har påvirkta barn og unges psykiske helse på sikt, og korleis det vil vise seg vidare framover. Her vil nok det kommunale hjelpeapparatet, saman med oss, sjå ei utvikling som vi må ta på alvor.

### BARNEVERNREFORMA:

Barnevernsreforma trer i kraft 01.01.2022. Reforma er også kalla «Oppvekstreforma 2022», då dette ikkje er ein reform for berre barnevernet, men for heile kommunen. Det er nytta mykje tid i 2020 til opplysningsarbeid i kommunane om reforma og utfordringar knytt til det.

Målet er at endringar i barnevernet skal bidra til at fleire utsette barn og familiar får den hjelpa dei treng på eit tidleg tidspunkt.

- Kommunane skal styrke arbeidet med tidleg innsats og førebyggjing
- Hjelpa skal bli betre tilpassa barn og familiar sine behov
- Rettstryggleiken til barn og familiar skal verte godt ivaretakne
- Ressursbruken og oppgåveløysinga i barnevernet skal bli meir effektiv

Kommunane vil få meir ansvar for barnevernet, både fagleg og økonomisk. Dette stiller krav til leiinga i barnevernet, til kommunen si styring av barnevernet og til det samla familiestøttande arbeidet. Det inneber også eit stort kompetanseløft i barnevernet, som ein må ta høgde for i vidare drift. Reforma vil også gje kommunane ansvar for finansiering av barneverntiltak. Dette skal kompenseras gjennom auka overføringer i rammetilskot, og vert ikkje øyremerka.

### MÅLOPPNÅING:

Hallingdal barnevernteneste har hatt heil eller delvis måloppnåing på fleire område, samt område der ein må fortsette innsats og utviklingsarbeid. For meir utdjuping av dette, sjå eiga årsmelding for Hallingdal barnevernteneste.

Det er kommunane som skal drive førebyggande barnevern, ikkje berre barnevernet sjølv. Den beste måten å førebygge aukande kostnadar i barnevernet på, er å styrke det kommunale tenesteapparatet slik at dei har ressursar og kompetanse til å hjelpe barn og familiar som treng det så tidleg som mogeleg, og på eit så lågt nivå som mogeleg.

Det er, ikkje minst, det beste for barna og familiane det gjeld.

## «EIN GOD OPPVEKST VARAR I GENERASJONAR»

For meir utdjupande informasjon rundt drifta av Hallingdal barnevern i 2020, sjå eigen Tilstandsrapport (Årsmelding).



ÅL KOMMUNE

## Vedlegg: KOSTRA tal 2020

| Nøkkeltall  | Enhet   | ÅI     |   | Kostagruppe<br>05 | Landet uten<br>Oslo |        |
|---|---------|--------|---|-------------------|---------------------|--------|
|   |         | 2020   | + | 2020              | +                   | 2020   |
| Netto driftresultat i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)                       | prosent | 0,4    |   | 1,4               |                     | 2,4    |
| Årets merforbruk i driftsregnskapet i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)       | prosent | -0,2   |   | -0,1              |                     | -0,1   |
| Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)            | prosent | 26,9   |   | 19,5              |                     | 22,7   |
| Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)                    | prosent | 22,9   |   | 38,7              |                     | 47,9   |
| Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser i prosent av brutto driftsinntekter (prosent) | prosent | 74,4   |   | 96,7              |                     | 117,2  |
| Frie inntekter per innbygger (kr)   | kr      | 66 389 |   | 68 941            |                     | 59 160 |
| Fri egenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)                     | prosent | 13,3   |   | 10,2              |                     | 11,7   |
| Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)               | prosent | 6,3    |   | 10,3              |                     | 15,9   |
| Egenfinansiering av investeringene i prosent av totale brutto investeringer (prosent)   | prosent | 88,0   |   | 31,7              |                     | 35,5   |